

Vern av Ålfotbreen landskapsvernområde i Bremanger, Flora og Gloppen kommunar i Sogn og Fjordane fylke

1 Tiltråding

Miljøverndepartementet (MD) tilrår oppretting av Ålfotbreen landskapsvernområde i Sogn og Fjordane i tråd med Direktoratet for naturforvaltning (DN) si primære tilråding. Vernet utgjer eit areal på totalt ca. 226 km², fordelt på:

- Bremanger kommune: 64,6 km²
- Flora kommune: 65,6 km²
- Gloppen kommune: 95,7 km²

Av dette er ca 35 % statsallmenning. Det er 94 grunneigarar i området. Vernet omfattar ikkje sjø.

Fylkesmannen sitt verneframlegg som blei sendt på lokal høyring, er på 232,9 km². Etter den lokale høyringa var fylkesmannen si primære tilråding at det ikkje skulle opprettast eit landskapsvernområde ved Ålfotbreen slik verneframlegget av oktober 2003 la opp til. Hovudgrunnen til det var at kommunestyra og fylkestinget gjekk imot framlegget. Fylkesmannen laga eit alternativt framlegg på 231 km² dersom sentrale styresmakter likevel ønska å gå vidare med verneplanen.

2. Heimel

Ålfotbreområdet er eit vakkert og særprega område, som er eit kjent landemerke i Nordfjord. Eit verneområde rundt Ålfotbreen vil vere eineståande i Noreg med sine devonske fjellformasjonar og ein ubrotten overgang frå fjorden via varmekjær edellauvskog til høgaltpine område med dei vestlegaste isbreane i landet. Kystnære fjellområde prega av ekstremt høg nedbør representerer natur- og landskapstypar som i liten grad er verna tidlegare.

Dei fleste vassdraga i området er utbygde, og det urørte området er relativt lite. Direktoratet tilrår at Ålfotbreen med tilgrensande område mot Hyefjorden og Skjerdingsane i nordaust, delar av Solheimsvassdraget mot sør og fjellområdet ved Keipen mot vest vert oppretta som landskapsvernområde, etter naturvernlova § 5.

3. Verneverdiar

Følgjande moment er lagt til grunn for vernet:

- Stor variasjon i naturtypar innanfor eit avgrensa areal, frå varmekjær lauvskog ved havnivå til snaufjell og bre i høgaltpine sone.
- Området er representativt for dei ytre, kystnære fjellområda i Sogn og Fjordane med store nedbørsmengder.
- Dette er det einaste større verneområdet i Noreg på devonsk berggrunn, med svært særprega terrengformasjonar.
- Området femnar om det vestlegaste breområdet i Noreg, og sannsynlegvis det mest oseanisk påverka.

- Området femnar om det vestlegaste arealet med "villmarksprege område" i Noreg (areal meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep).
- Rike fossilfunn frå devontida ved Svartevatnet, med fleire fyrstegongsfunn.
- Skjerdalen er vurdert som unik for regionen som eit større, lågtliggende dalføre utan markerte inngrep.
- Fjellområda nordvest for Skjerdalen har fleire plantegeografisk interessante førekomstar.
- Langs Hyefjorden fins ein av dei lengste samanhengande relativt upåverka edellauvskogslie i landet.
- Området ser ut til å vere av høg verdi for rovfuglar, og det er registrert fleire raudlista artar her.
- Det er funne fleire sjeldne kulturminne frå steinalder, bronsealder og jernalder, og potensialet for fleire funn er høgt.

4. Trugsmål mot verneverdiane

Kraftutbygging er den mest aktuelle form for inngrep som vil endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

5. Nærings- og brukarinteresser

Nærings- og brukarinteressene i og rundt området knyter seg i hovudsak til vasskraftutnytting, jord- og skogbruk med tilleggsnæringar, jakt og fiske og friluftsliv. Det er ikkje kraftleidningar inne i det foreslåtte verneområdet.

Vasskraft

Mange vassdrag i området rundt Ålfotbreen er regulerte til kraftforsyning. Kraftanlegga vert i hovudsak drevet i regi av Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) og Elkem-Bremanger.

Eksisterande anlegg

Mot nordvest er fleire vatn magasinerte for å skaffe vatn til kraftverka i Åskora og Yksneelvane, som i dag er drivne av SFE. Mot vest har Elkem-Bremanger bygd ut fleire vatn og elver for å skaffe vatn til kraftverka Svelgen 1-4. Kraftverka Svelgen 1 og 2 er heimfalne til Staten ved Statkraft, medan kraftverka Svelgen 3 og 4 er eigde av Elkem. Over halvparten av nedslagsfeltet for Svelgen 2 og 4 vert ein del av det føreslegne landskapsvernområdet.

Den einaste vasskraftinstallasjonen som ligg innanfor det foreslåtte verneområdet er eit bekkeinntak under sørlege del av Gjegnalsbreen (nord for Skordalen). Vernet vil ikkje vere til hinder for tilsyn og vedlikehald av denne installasjonen.

Planlagde utbyggingsprosjekt

Samla Plan

I St. meld. nr. 60 (1991-92) "Om Samlet plan for vassdrag", som vart lagt fram av Miljøverndepartementet i juni 1992, vart tre kraftprosjekt teke med frå området rundt Ålfotbreen. To av prosjekta vart plasserte i kategori 1 (kan konsesjonshandsamast raskt og fortløpande) og eitt vart plassert i kategori 2 (prosjekt som kan nyttast til kraftutbygging eller andre føremål, men som ikkje kan konsesjonshandsamast no).

Kategori 1:

- Skjerdalen alternativ II: Overføring av Svartevatnet til Øksnelvane og regulering av Middagsvatnet og Skarvevatnet (Botnavatna) (81 GWh).

- Overføring av Kaldevatnet i Hopselvvassdraget til Solheimsvassdraget (15 GWh).

Kategori 2:

- Skjerdalen alternativ I (full utbygging omfattar også Storelva/Skjerdalselva (121 GWh).

Begge kategori 1-prosjekta vart plasserte i konsekvensklasse som tilseier dei er lite konfliktfylte andsynes miljøverdiar og andre brukarinteresser. Overføring av Kaldevatnet til Solheimsvassdraget er no uaktuelt, sidan Solheimsvassdraget i 1993 vart verna mot kraftutbygging i Verneplan IV. Sogn og Fjordane Energi ser det likevel som mogleg å overføre Kaldevatnet til Storevatnet for utnytting i noverande Skogheim kraftverk. Dette prosjektet er ikkje ein del av Samla Plan.

Overføringa frå Skjerdalen til Yksneelvane omfattar regulering av Svartevatnet med 63 m, Middagsvatnet med 60 m og Skarvatnet med 50 m. og overføring frå det eksisterande magasinet i Isavatnet til Middagsvatnet. Elvene frå Svartevatnet og Svarthammarvatnet ned i Skjerdalen vert tørrlagde, og vassføringa i Skjerdalselva vert redusert med ein femdel. Fallet frå dei nye magasina er tenkt nytta i ein kraftstasjon Øksneelvane III ved Nordfjorden og vil gje ein utrekna middelproduksjon på 81 GWh.

Sogn og Fjordane Energi opplyser at dei ser det som svært interessant å få ei betre utnytting av fallet i Yksneelvane som alt inngår i eksisterande utbyggingar, men dei ser det ikkje som aktuelt no med så store reguleringar som i Samla Plan - prosjektet. Ei overføring av Svartevatnet (men ikkje nødvendigvis regulering) er i følgje SFE viktig for å få god økonomi i prosjektet. Etter SFE sitt syn vil prosjektet "truleg kunne gjennomførast med små/marginale miljøverknader, og særskilt verneverdige lokalitetar vert ikkje påverka."

Tilhøvet mellom Samla Plan og Ny landsplan for nasjonalparker

I St. meld nr. 62 (1991-92) Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområde vert følgjande sagt om tilhøvet mellom landsplana og Samla Plan (SP) (pkt 5.3.3.):

"For verneforslag med vannkraftprosjekter i kategori II skal den vidare behandlingen av verneforslaget avklare forholdet mellom vern og vannkraftprosjekt.

For verneforslag med vannkraftprosjekter i kategori I, vil departementet finne løysningar slik at opprettelse av verneområdene ikke vil være til hinder for eventuelle konsesjonsbehandlinger. Med det kunnskapsgrunnlaget en har i dag, synes det ikke å være konflikt mellom kategori I-prosjekter og landsplanen for nasjonalparker".

I eit brev til fylkesmannen datert 26.11.1997 skriv Miljøverndepartementet:

".. ordinært skal ikkje område med framlegg om vasskraftutbygging og som er handsama og plassert i kategori I i SP, takast med i verneplanframlegget. Dersom fylkesmannen likevel på bakgrunn av nye opplysningar finn at verneverdiane innanfor slike område er store, kan områda takast med under høyringa. Resultatet av høyringa vil da avgjere den vidare handsaminga av dei områda det eventuelt er strid om."

Etter avklaring frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), vart det i lokal høyring lagt fram eit forslag som også omfatta området som gjeld Samla Plan kategori I-prosjektet. Dette skuldast m.a. at NVE si styringsgruppe for Supplering

av Verneplan for Vassdrag føreslo Storelva (Skjerdalselva) verna, og at fylkesmannen meiner kategoriseringa av Skjerdalen alternativ II som eit kategori I-prosjekt er feilaktig ut frå området sin verneverdi. Fylkesmannen meiner verneverdien må vurderast høgare på bakgrunn av nye opplysningar om området ved Botnavatna/Skjerdingane som er kome fram etter at vassdragsrapportane vart skrivne tidleg på 80-talet. I eit notat til DN april 2005 konkluderer fylkesmannen med at:

- Dei botaniske verdiane er undervurderte. Det finst rik fjellplantevegetasjon med plantegeografisk interessante førekomstar på fjellet på nordsida av Skjerdalen (Skjerdingane) som knapt nok er nemnt i Samla Plan-rapportane. Fleire regionalt sjeldne planter er funne, særleg fjellplantar. Eit par fjellplantar har her vestlege utpostlokalitetar.
- Dei geologiske tilhøva blir i Samla Plan -dokumenta omtalt som spesielle i ”regional samanheng”, mens Ålfotbreområdet i realiteten har ein berggrunn og topografi som gjer det eineståande på nasjonalt nivå. Ålfotbreen vil ved evt. vern bli det einaste store verneområdet i Noreg på devonsk berggrunn, og det hengande dalføret med Botnavatna i trinn nedover vil vere ein særmerkt og viktig del av variasjonen i landskapsformasjonar fordi ein ikkje finn tilsvarende elles i Ålfotbreområdet.
- Bruken av området i tursamanheng har auka. Medan området på 1980-talet var karakterisert som eit "viktig friluftsområde", er det i Fylkesdelplanen frå 1995 utpeikt som eit nasjonalt viktig område for utøving av friluftsliv. I 1993 opna Sogn og Fjordane Turlag hytta Gjegnabu, som særleg har ført til auka bruk av ruta opp frå Mettenes i nord.
- Området er langt viktigare for vilt (særleg raudlista rovfuglartar) enn det som var kjent da bakgrunns materialet til Samla Plan vart samla inn. "Nye" artar med tilhald i området er kongeørn, havørn og jaktfalk.
- Den delen av Øksenelvane som ligg i det føreslåtte landskapsvernområdet (det hengande dalføret med alle Botnavatna i steg nedover frå Prestevatnet til Hjortestegvatnet) er ikkje påverka av kraftutbygging, slik det kan tolkast i vassdragsrapporten til SP.
- Problematikken med spreieing av røye gjennom kraftgater er ikkje omtalt i vassdragsrapporten, og var vel heller ikkje kjent da SP-materialet vart skrivne.
- I Ålfotbreområdet finn ein det vestlegaste arealet med definisjonen "inngrepsfri natur i Noreg" (INON). Vasskraftutbygging vil gi ei omfattande reduksjon i INON-areal på Skjerdingane og i Skjerdalen (sone 1 og sone 2).

Fylkesmannen peiker vidare på at når både NVE si styringsgruppe i samband med suppleringsplan for vassdrag og NVE sentralt har konkludert med at når øvre delar av Skjerdalsvassdraget er verneverdig nok til å setje kategori 1 – plasseringa til side, er det kunstig å trekkje eit skilje tvers over Skjerdingane med Svartevatnet/ Skjerdalsvassdraget på den eine sida og Botnavatna på den andre. Heile fjellplatået Skjerdingane med hengande dalføre er ein naturleg eining som bør vurderast samla. Tilseier NVE si vurdering av verneverdiane ein ny status for den eine halvdel av Skjerdingane, kan fylkesmannen vanskeleg sjå at ei slik vurdering ikkje skulle gjelde for den andre halvdel også.

Verneplan for vassdrag

Våren 2001 bestemte Stortinget at verneplan for vassdrag skulle supplerast, og at dette skulle samordnast med ei omlegging av Samla plan. Storelva i Skjerdalen var eitt av vassdraga som blei føreslått verna i framlegget til supplering som vart sendt på høyring i 2002. Etter høyringa kom NVE 28. januar 2003 med følgjande innstilling til Olje- og energidepartementet om Storelva: "De største verdiene i vassdraget er knyttet til urørte områder i øvre del. NVE legger til grunn at disse kan ivaretas gjennom vern etter naturvernloven og anbefaler derfor at vassdraget ikke tas med i Verneplan for vassdrag."

Innstillinga viser her til arbeidet med eit landskapsvernområde ved Ålfotbreen.

Under handsaminga av Supplering av verneplan for vassdrag i Stortinget i februar 2005, vart Storelva i Skjerdalen teke ut av plana.

Andre utbyggingsprosjekt

Sogn og Fjordane Energi har skissert ei rekke moglege vasskraftprosjekt i området rundt Ålfotbreen. Av 14 moglege prosjekt og delprosjekt vil 4 kunne kome i konflikt med det føreslåtte verneområdet. Det ligg føre planar om bygging av små- og minikraftverk. Det finst to minikraftverk i Grøndalen (Solheimsvassdraget). Statnett har planar om kraftleidning i området, men det er på eit tidleg stadium, og trasé er ikkje avklart enno.

Konsekvensar for kraftutbygging ved eit evt. vern

Vasskraftutbygging er eit teknisk inngrep som det normalt ikkje vil vere opning for i eit landskapsvernområde. For dei utbyggingane det finst planar om i og ved det føreslåtte verneområdet, vil eit vern ha følgjande konsekvensar:

Småkraftverk i Skjerdalen

Kraftverket i Storelva (Skjerdalselva) er berekna til å gje 21 GWh. Dette er planlagt i nedre del av elva, utanfor det føreslåtte verneområdet. Sidan elva ikkje vart med i Verneplan for vassdrag, kan prosjektet no gjennomførast.

Overføring av Kaldevatnet til Storevatnet

Planane for overføring av Kaldevatnet til Skogheim kraftverk er, etter det fylkesmannen forstår, ikkje utreda nærare, men vil gi ein vinst på 5 GWh. Ei utbygging kan ikkje foreinast med vern, då Kaldevatnet ligg innanfor føreslåtte vernegrense.

Minikraftverk i Grøndalen

Prosjektet ligg i Kvangrøelva i Grøndalen, og er ein del av det verna Solheimsvassdraget. Prosjektet, som er utreda til å gi 3 GWh, ligg delvis innom grensa til det planlagde landskapsvernområdet. Fylkesmannen føreslår at det blir gitt opning for prosjektet i verneforskriftene, da det ikkje vil påverke Støylsvatnet eller vere synleg i verneområdet.

Takrenneprosjekt i området ved Keipen ("Svelgen 5")

Ei evt. utbygging, som ligg føre i to alternativ på høvesvis om lag 60-100 GWh og 25-36 GWh, vil ikkje kunne foreinast med vern. Elkem-Bremanger ser det ikkje aktuelt med utbygging med dagens teknologi og kraftprisar.

Vern vil ikkje vere til hinder for utbygging av prosjekt med ei samla vinst på 24 GWh (dei omtalte små- og minikraftverka). I tillegg kjem den ekstra kraftmengda

ein kan få ut av Isavatna utanfor vernegrensa og frå Yksneelvane ved å nytte vatnet like nedanfor Hjortestegsvatnet. Tal for vinsten av eit slikt alternativ føreligg ikkje.

Jord- og skogbruk

Det er landbruksdrift i alle bygdene rundt det føreslåtte verneområdet, i hovudsak mot aust og sør der busetjingskonsentrasjonen er størst. Mot nord ligg det seks gardsbruk, som med unntak av Skeistranda og Skjerdalen er nedlagde. Som elles i fylket er drifta i hovudsak basert på husdyrhald med storfe og sau. Areala med dyrka jord på bruka er små samanlikna med utmarksareala, og dei store utmarksressursane vil vere viktige for næringsgrunnlaget på mange bruk i framtida. I dag vert beiteressursane først og fremst nytta av sau og storfe/hest. Det finst to støylar i området. Den eine er brukt i samband med utleige av hjortejakt, medan den andre er nedlagd.

Skoggrensa ligg jamt over ved omlag 5-600 meters høgde, men strekker seg i nokre av dalføra noko høgre. Det aller meste av skogen er lauvskog, med unntak av noko furuskog. Stor etterspurnad etter ved og høge vedprisar vil kunne gjere større skogområde i dei lågareliggjande områda økonomisk drivverdig, men det føreligg ikkje tal for areala av slik skog.

Samla sett vurderer fylkesmannen konsekvensane av vern for beitebruk som minimale og konsekvensane for skogsdrift som små.

Jakt og fiske

Dalføra rundt Ålfotbreen er svært gode hjorteområde, og utleige av hjortejakt er i ferd med å utvikle seg til ei lukrativ næring lokalt på Vestlandet. I Skjerdalen blir det drive guida hjortejakt. Skulle dette verte aktuelt i fleire av dalføra, finst det moglegheiter for innkvartering av jegerar fleire stadar. Grunneigarar i Hope har nemnt behov for ei kombinert gjetar-, fiske- og jaktbu ved Heifjellet. Av småvilt er fjellrype og lirype dei viktigaste artane. Det er gode tilhøve for aure i fleire av dei lågareliggjande vatna i området.

Jakt og fiske kan halde fram som før i medhald av viltlova, og fylkesmannen vurderer konsekvensane av vern som små.

Akvakultur

Akvakultur er ei potensielt viktig næring i Hyefjorden. Heile Nordfjorden er no i praksis tatt ut av framlegget til marin verneplan i Noreg, samstundes som grensene for Nordfjorden som nasjonal laksefjord er trekt aust og forbi Hyefjorden. Både skjelloppdrett og oppdrett av laks eller marine artar kan dermed vere aktuelt. Det ligg i dag eit setjefiskanlegg med konsesjon på 1 mill. fisk ved busetnaden i Skjerdal. Det føreligg planar om å setje dette anlegget i drift att. Verneframlegget er ikkje til hinder for dette.

Mineral

Konglomeratførekomstane i devonfeltet kan vere ein attraktiv ressurs, da foredla stein har vist seg godt eigna til mange former for bruk. Konkrete planar om slik utnytting er ikkje kjent, med unntak av at enkelte grunneigarar har nemnt planar for mogleg uttak i mindre skala utanfor eller i grensene for det føreslåtte verneområdet. Uttak innanfor verneområdet vil ikkje verte tillate.

Vegbygging

Det ligg ikkje føre planar om offentlege vegar som går inn i det aktuelle verneområdet, men grunneigaren i Skjerdalen har nemnt at det kan bli aktuelt å vidareføre ein traktorveg frå Skjerdalsstøylen og 2 km inn til Vasstøylen ved Skjerdalsvatnet. Grunnen er uvisse om framtidige reglar frå veterinærstyresmaktene om transport av hjortekjøtt.

Friluftsliv (og reiseliv)

I Fylkesdelplanen (1995) er området rundt Ålfotbreen og Gjegalundbreen utpeikt som eit nasjonalt viktig område for utøving av friluftsliv. Heile området er mykje brukt til friluftsliv, ved turgåing sommar og vinter, fiske, jakt, bærplukking, og til dels bading. I distrikta omkring har Skjerdalen status som eit særprega friluftsområde. Brukarane kjem frå eit relativt stort omland. Også båtturistar frå område lenger unna søker til Skjerdalen. Grøndalen utgjer eit heilt spesielt landskapsrom med konsentrasjon av mange naturelement og har stor verdi i reiselivssamanheng.

Fylkesmannen vurderer konsekvensane av vern for turisme/reiseliv som usikre, men mest sannsynleg positive.

6. Sakshandsaming

6.1 Bakgrunn

Verneplan for Ålfotbreen har bakgrunn i St. meld nr 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge". Denne bygger på NOU 1986:13 "Ny landsplan for nasjonalparker". Her påpeika Statens naturvernråd (SNR) at "*Fjellpartiet er vakkert og særpreget og et kjent landemerke i Nordfjord. Naturfaglig er området interessant på grunn av devonsk berggrunn og ved at det er et kystpåvirket breområde med ekstremt høy nedbør*". SNR var i tvil om området kan bli nasjonalpark, av di dei fleste vassdraga som drenerer i området er utbygd og det urørte området difor er lite. SNR meiner at "*...sammen med tilgrensende områder ved Høyfjorden, i Skjerdalen og deler av Solheimsvassdraget bør det her kunne opprettes et landskapsvernområde*".

I handsaminga av St. meld nr 62 (1991-92) ga Stortinget tilslutning til at det skulle utarbeidast eit framlegg til verneplan for fjellområda rundt Gjegalundsbreen og Ålfotbreen i Bremanger, Flora og Gloppen kommunar i Sogn og Fjordane.

6.2 Sakshandsaming

Det er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som har hatt ansvaret for å utarbeide forslaget. DN gav fylkesmannen i oppdrag å sette i gang verneplanarbeidet i 2001. Formelt vart oppstart av planprosessen varsla i januar 02. På førehand hadde det vore halde møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane. I januar 2002 vart det arrangert informasjonsmøte i bygdene Hyen, Norddalsfjorden og Ålfoten.

I løpet av planperioden har det vore halde ytterlegare møte med dei tre kommunane, kraftselskap, folkemøte i aktuelle bygder og dessutan synfaringar. Av 12 synfaringar har ni vore hos grunneigarar. Sommaren 2001 vart det gjennomført naturfaglege registreringar med vekt på botaniske tilhøve i utvalde område, dessutan ei samanstilling av tidlegare registreringar.

Sogn og Fjordane Turlag og Den Norske Turistforening kom med framlegg om utviding av verneområdet. Fylkesmannen valde å orientere grunneigarar og andre med interesser i områda om dette framlegget, og høyringsrunden i samband med oppstartvarselet vart forlenga til 15. april. 2002. Ein slik utvida frist var då allereie avtala med grunneigarar som hadde bede om meir tid. Ny kunnskap og innspel under planprosessen har såleis ført til at delområde er utvida i høve til arbeidsgrensa som ble presentert ved oppstart.

Verneframlegget var for lite til å utløyse krav om konsekvensutgreiing. I staden vart det oppretta ei referansegruppe for å samle inn så mykje informasjon som mogleg om bruksinteressene. I referansegruppa har det vore representantar for kommunane, grunneigarar, Sogn og Fjordane Turlag, Sogn og Fjordane Energi og Elkem-Bremanger. Gruppa fekk i mandat å vere rådgjevande kontaktorgan for fylkesmannen. Fylkesmannen har leia møta og vore sekretariat.

Sju av dei ti medlemmane i referansegruppa ønskte i utgangspunktet ikkje at området rundt Ålfotbreen vert verna, og har utarbeidd ein protokollmerknad til verneframlegget. Merknaden er vedlagt fylkesmannen sitt høyringsutkast.

Utkast til verneplan vart send på lokal høyring 21.11.03. Det kom inn 28 uttalar. Fylkesmannen si oppsummering og tilråding etter lokal høyring vart send DN 07.09.2004. DN sendte planforslaget på sentral høyring 15.10.2004. Det kom inn 18 uttalar i den sentrale høyringa. DN orienterte kommunane og andre sentrale aktørar om si mellombels tilråding på møte 28.04.05. MD mottok saka i september 2005. I påvente av val av trase for ny 420 kV kraftleidning mellom Ørskog og Fardal har saka vore lagt på vent fram til mars 2008.

6.3 Planstatus

Det føreligg ikkje reguleringsplanar for området.

7. Sentrale endringar i planprosessen

Etter den lokale høyringa er fylkesmannen si primære tilråding at det ikkje blir oppretta landskapsvernområde slik verneframlegget av oktober 2003 la opp til. Hovudgrunnen er at kommunestyra og fylkestinget går imot framlegget.

Fylkesmannen laga eit alternativt framlegg dersom sentrale styresmakter ønska å gå vidare med verneplanen. Dette er omtala under.

Grenser

Det totale arealet i framlegget som blei sendt med oppstartmeldinga var 160 km², med vektlegging av "dei austlege og sørlege" delane av Ålfotbreområdet, i tråd med Stortingsmeldinga. Etter innspel, i hovudsak frå Sogn og Fjordane Turlag og Den Norske Turistforening, samt synfaringar, vart grensene justerte mot vest i høgfjellet i Bremanger og Flora, Det totale arealet auka då frå 160 km² til vel 230 km².

I nordvestleg del av området (Skjerdingane) vart opphavleg grense utvida mot nord og vest, m a for å femne fleire småvatn som alle er fri for tekniske inngrep. Dette ville og storslegne landskapet er dessutan viktig i tur- og friluftslivssamanheng. I 2003 vart det gjort ytterlegare ei (mindre) justering av grensa i nordvest for å femne Skarve- og Hjortestegvatnet, etter innspel frå ein av grunneigarane i området.

I fylkesmannen si subsidiære tilråding etter lokal høyring, vart det gjort tre grensjusteringar, noko som medfører ein total arealreduksjon frå 232,9 km² til 231 km². Endringane inneber at:

- Grensa er trekt høgare opp i lia ved Hyeneset, slik at Hyenesstøylen kjem utafør verneframlegget. Dette fordi støylen opphavleg så vidt låg innafør den føreslåtte grensa, og det ikkje er gjort spesielle registreringar i området.
- Grensene er trekt noko lenger opp i dalsidene mot nord og sør i Skjerdalen. Dette med tanke på ei tilpassing mot endra grenser ved Hyenesstøylen og ei totalvurdering av tilhøva i Skjerdalen.
- Grensa er trekt lenger mot nord ved Hillefjellet/Heifjellet for å gjere det lettare å lokalisere ei hytte opp mot grensene for landskapsvernområdet. Det er ikkje gjort spesielle registreringar i dette området.

Direktoratet for naturforvaltning tilrår primært ei avgrensing i tråd med fylkesmannen si subsidiære tilråding med noen mindre justeringar. I Skjerdalen er det gjort mindre grensejusteringar som gjer ei enklare og betre grenseføring. Grensa ved Grøndalen og Straumsbotnen er justert noko for å imøtekomme ønskje frå grunneigar.

Subsidiært tilrår DN ei grenseendring i Skjerdingane-området i påvente av ei evt konsesjonshandsaming av vasskraftprosjektet Skjerdalen II (Samla plan, kategori 1). Endringa inneber at grensa i nordvest vert trekt mot sør og øst, slik at Botnavatna frå Middagsvatnet og nedover hamnar utanfor grensa. Vernearealet reduserast då med om lag 4,5 km². DN føreslår rikspolitiske reglar knytt til området som no vert teke ut av planen, og at området blir verna dersom det ikkje blir gjeve konsesjon.

Miljøverndepartementet tilrår å trekkje grensene slik at Svartevatnet i nord-vest blir med i verneplanen, men at vatna lengre nede holdast utanfor vernet. Dette tilsvarar verneframlegg alternativ 2.

Verneforskrift

Endringar etter lokal høyring

Endringane fylkesmannen har gjort etter lokal høyring, knyter seg alle til § 3 Vernereglar:

- I pkt 1.3 har fylkesmannen, i staden for å endre grensene, valt å opne for moglegheit til etablering av minikraftverk i Kvanngroelva i tråd med dei planane som er presenterte i forprosjektet og i NVE si vurdering av konsesjonsplikt (datert 21.02.01). Dette inneber ei etablering utan magasin, utan synleg inntak i Støylsvatnet og utan at vassnivået i Støylsvatnet vert påverka. Redusert vassføring på grunn av utbygginga skal berre skje vinterstid.
- Fylkesmannen har teke inn i pkt 2.2 at det er høve til rydding av skytefelt i samband med postering under hjortejakt så lenge ein ikkje fjernar større tre. I same punkt har fylkesmannen teke inn (som ei retningslinje for ein skogbruksplan) at samanhengande parti med edellauvskog ikkje skal hoggast.

Endringar etter sentral høyring

Direktoratet for naturforvaltning viser til at vern av kulturminne ikkje er nemnd som eit føremål med landskapsvern i naturvernlova, og har stroke dette frå føremålet i verneforskrifta.

For å tydeleggjare at det er fjerning av stein, mineralar og fossil i stor skala og ved hjelp av bryting/hakking, ein ynskjer å unngå i verneområdet, har DN endra formuleringa i § 3 1.1 til: "Med dei unntaka som følgjer av forskrifta sine punkt 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som (...) bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker".

Under §3, pkt. 1.3 har DN lagt til at det er oppføring av *naudsynte* nybygg og anlegg det kan gjevast løyve til.

DN tilrår eit nytt punkt i 1.3: - *etablering av nye fyrlykter og andre merker og stakar i Hyeffjorden i regi av Kystverket*. DN har også forslag til nokre mindre endringar i formuleringane i punkt 4 om ferdsel:

"Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Anna organisert ferdsel kan skje etter løyve frå forvaltningsstyresmakta.

Forvaltningsplana skal vise når organisert verksemd krev særskilt løyve"

Under pkt. 5.3 har DN lagt til at det er *naudsynt* bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy det kan gjevast løyve til.

For å gje høve til helikoptertransport til vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam, er det gjort følgjande tilføyning under pkt. 5.3: - *transport av material og personell i samband med vedlikehald av tekniske installasjonar i verneområdet*.

8. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

DN avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde, og har fullmakt til å delegere forvaltningsstyremakta for landskapsvernområde frå fylkesmannen til kommunane, dersom alle dei involverte kommunane er interesserte i dette og har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Dersom eit verneområde går over fleire kommunar, må alle kommunane søkje om forvaltningsmynde. Så langt har berre Flora kommune vist interesse for å ta på seg forvaltningsmynde.

Det skal utarbeidast forvaltningsplan for området for å klargjere forvaltninga av verneforskriftene. Utgifter til erstatningar og gjennomføring av erstatningsprosessen samt merking og oppsetting av skilt innanfor løyvinga og tilsagnsfullmakta under kap. 1427 post 34. Den årlige budsjettmessige oppfølginga av utarbeiding av eventuell forvaltningsplan og etablering av oppsyn og skjøtsel vil være avhengig av den økonomiske utviklinga og budsjettsituasjonen.

9. Merknader til verneforslaget

I lokal høyring mottok Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 28 uttale, medan DN mottok 18 uttale i sentral høyring. tillegg til departement med underliggjande sentrale organ, grunneigarar, rettshavarar, kommunar og fylkesinstansar, har følgjande organisasjonar og instansar hatt planen til uttale:

Lokal høyring

Bremanger Reiselivslag, Distriktsalliansen, Elkem ASA, Elkem Bremanger Smelteverk, FHL Havbruk, avd. Sør- og Vest-Norge, Fjordane HV-distrikt 10, Flora Jeger- og Fiskerforbund, Flora Turlag, Fortidsminneforeningen, avd. Sogn og Fjordane, Forum for Natur og Friluftsliv, Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane, Gloppen Jeger- og Fiskerforbund, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Hyen Jeger- og Fiskerforbund, Keipen Turlag, Kommunenes Sentralforbund, Kystverket, 2. distrikt, Naturvernforbundet i Flora, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, NOF Sogn og Fjordane (Flora Lokallag), Norges Jeger- og Fiskeforbund, Sogn og Fjordane, Norsk Ornitologisk Forening, Flora lokallag, NVE, Region Vest, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag, Sogn og Fjordane Bondekvinnelag, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Energi A/S, Sogn og Fjordane Natur og Ungdom, Sogn og Fjordane Politidistrikt, Sogn og Fjordane Reiselivsråd, Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps, Sogn og Fjordane Sau- og Geitalslag, Sogn og Fjordane Skjeldyrkarlag, Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Sogn og Fjordane Turlag, Statens Vegvesen Sogn og Fjordane, Statkraft region Midt-Norge, Statskog SF, Svelgen Jeger- og Fiskerforbund, Vestkysten Reiseliv A/S, Vestlandsforskning.

Sentral høyring:

Statens landbruksforvaltning, Kommunenes sentralforbund, Statens Kartverk, Statens namnekonuler for Vestlandet, Bergvesenet, Norges Geologiske Undersøkelser, NSB hovedadm., Jernbaneverket, AVINOR AS, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norskog, Norges Fjellstyresamband, Norges Fiskarlag, FHL Havbruk, Taretrålfiskernes Forening, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Norges Kystfiskarlag, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Verdens Naturfond, SABIMA, Natur og Ungdom, Norges Miljøvernforbund, Norsk Biologforening, Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådernes Landsforbund, Norges Idrettsforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges Orienteringsforbund, Prosessindustriens landsforbund, Reiselivsbedriftenes landsforening, SKOGFORSK, Norsk institutt for naturforskning, Universitetet i Bergen, Norges Landbrukshøgskole.

Følgjande har ingen merknader til verneplanforslaget: Oljedirektoratet, Statens vegvesen og Bergvesenet med Bergmeisteren på Svalbard.

Generelt om verneframlegget

Fleire går i mot vernet, då dei meiner eit landskapsvernområde etter naturvernlova vil føre til vesentleg større samfunnsmessige ulemper enn den nytteverdi eit slikt tiltak vil ha for verneinteressene. Dette gjeld Sogn og Fjordane Energi (SFE), Gloppen kommune, Bremanger kommune, Flora kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Norges Bondelag, Holme grunneigarlag, Førde grunneigarlag, Norddalsfjorden bondelag og tre grunneigarar.

Det er også fleire som stiller seg positive til verneforslaget, nokre med atterhald om grensejusteringar einskilde stader. Dette gjeld grunneigarar, privatpersonar, Naturvernforbundet regionalt og sentralt, Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO), Den Norske Turistforening og Sogn og Fjordane Turlag.

Imellom desse "ytterpunkta" finn ein høyringsinstansar som tilrår vern av deler av området eller som ønskjer å justere grensene, like eins dei som går mot vern dersom det ikkje vert gjeve økonomisk kompensasjon til rørte.

Fylkesmannen peiker på at ein i prosessen så langt ikkje har klart å avdekke store ulemper ved eit eventuelt vern for grunneigarar og brukarar. Det føreslåtte verneområdet omfattar berre område med ekstensive bruksformer, slik at den bruken som skjer i dag kan halde fram. Det er i tillegg lagt til rette for ei rekkje framtidige bruksmåtar. Dei "samfunnsmessige ulempene" knytt til vernet vil såleis i stor grad vere avgrensa til tapt utbyggingspotensial for kraftinteressene. Fylkesmannen si primære tilråding er at det ikkje blir oppretta eit landskapsvernområde slik verneframlegget av oktober 2003 la opp til. Hovudgrunnen til det er at kommunestyra og fylkestinget går imot framlegget.

Direktoratet for naturforvaltning har merka seg den lokale motstanden mot å opprette Ålfotbreen landskapsvernområde. DN viser til at området har store verneverdiar, og at dette jf. St. meld. nr. 62 (1991-92) (nasjonalparkmeldinga) og Stortinget si innstilling til meldinga, er verdiar som kvalifiserar til vern. Fleire stortingsmeldingar (nr. 31 (1992-93), nr. 29 (1996-97) og nr. 58 (1996-97)) uttrykker at det er viktig og ønskeleg å sikre store samanhengjande intakte naturområde, og gir klårt uttrykk for at vidare tap av disse områda ikkje er ei ønska utvikling.

I verneplanprosessen er det gjort greie for konsekvensane av vern for dei ulike interessene. Ei samla vurdering av konsekvensane heldt oppe mot dei store verneverdiane, gjer at DN meiner Ålfotbreen landskapsvernområde bør inngå i nettverket av område som Noreg vernar for ettertida.

DN vil minne om at landskapsvern er den svakaste forma for områdevern etter naturvernlova. Verksemd som er i gang på vernetidspunktet (t d vanleg landbruksdrift) kan i regelen halde fram, medan nye inngrep ikkje vert tillate. Dessutan skal ein ikkje sjå bort frå at vern kan vere næringsmessig tenleg på sikt. Det er mykje som tyder på at etterspørselen etter urørt natur for rekreasjon/naturoppleving vil auke, samtidig som urørt natur nok vil være ein av framtidens knappe ressursar.

Miljøverndepartementet har merka seg dei argumenta som er framført mot vern. På den andre sida er det her tale om betydelege nasjonale verneverdiar. Slike verdiar må sikrast ei forvaltning over eit lengre tidsperspektiv enn det kommunale planar normalt gir. Verneforma landskapsvern gjer at dagens næringsaktivitetar kan halde fram, og det vil òg vere mogleg å utvikle nye næringsformer så lenge desse ikkje kjem i konflikt med verneforskrifta. Turisme er ei av verdas største næringar, og er framleis i vekst. Det er difor grunn til å tru at den storslåtte kystnaturen på Vestlandet har eit stort potensial i samband med turisme. I den samanheng vil eit vern bidra til å gje området eit viktig kvalitetsstempel.

Planprosess og medverknad

Ein grunneigar meiner at referansegruppa ikkje har hatt ein reell funksjon, og føler seg ført bak lyset av fylkesmannen. Han viser til at referansegruppa sitt syn ikkje kom fram i verneframlegget, og at eit fleirtal i gruppa følte at dei var nøydd til å kome med ein protokolltilførsel for at dei ikkje skulle bli tatt til inntekt for syn dei ikkje hadde.

Gloppen kommune og Bremanger kommune skriv at kommunane sine representantar i referansegruppa har prøvd å få fylkesmannen til å vurdere andre

måtar enn vern etter naturvernlova for å ta vare på verneverdiane. Dei meiner at fylkesmannen har hatt eit romsleg forhold til dei grensene Stortinget i utgangspunktet har trekt opp for eit eventuelt landskapsvernområde, og at fylkesmannen difor også må ha høve til å vurdere andre og meir målretta tiltak for å ta vare på verneverdiane. Dei to kommunane meiner at dei så langt ikkje har fått gjennomslag for desse synspunkta.

Fylkesmannen gjer merksam på at mandatet for referansegruppa understrekar at gruppa har ein rådgevande funksjon. Når det gjeld andre verneformer, viser fylkesmannen til det innleiande møtet med kommunane 26.11.2001, der Fylkesmannen inviterte til diskusjon om alternative framgangsmåtar for verneprosessen, med bruk av kommunedelplanar på "omstridde" lågareliggande område parallelt med utarbeidinga av landskapsvernområde etter naturvernlova (Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde då allereie gjort det klart at fylkesdelplan ikkje var aktuelt i denne saka, mellom anna på grunn av det låge konfliktnivået). Frå kommunane si side blei det føreslått at ein kartla eventuelle konflikter på bygdemøte før kommunane bestemte seg for kva slags prosess dei ville velje. Ved møte mellom Fylkesmannen og Gloppen kommune 12.3.2003 blei det endeleg konkludert frå kommunen si side at det hadde lite for seg å kombinere bruk av naturvernlova og plan- og bygningslova.

Direktoratet for naturforvaltning støtter fylkesmannen si vurdering av verneplanprosessen.

Miljøverndepartementet meiner at planprosessen har vore gjennomført etter gjeldande regler, der alle rørde partar har kunne komme med sine syn. Sjølv om ikkje alle synspunkt har vunne fram, har prosessen vore grundig og alle innspel har blitt nøye vurdert.

10. Trugsmål mot verneverdiane

Gloppen kommune, Bremanger kommune, Flora kommune, ein grunneigar, Holme grunneigarlag, Førde grunneigarlag, Norddalsfjorden bondelag, Davik og Ålfoten bondelag og ein grunneigar saknar ein analyse av kva som reelt sett trugar verneverdiane i området. Kommunane meiner at dette er ein føresetnad for å kunne vurdere kva tiltak som bør setjast i verk.

Norges naturvernforbund hevdar at vidare kraftutbygging er det største trugsmålet mot verneverdiane, dei godt dokumenterte naturverdiane og friluftslivsinteressene. Trugsmålet om vidare kraftutbygging i eit landskap med så mange kraftverksinngrep frå før, er i seg sjølv eit argument for vern etter naturvernlova, som nettopp skal hindre at skadelege inngrep og utslepp "utryddar" fleire naturtypar i landet. Området her er ikkje berre godt kvalifisert for vern. Vern er særleg nødvendig fordi området er truga av alvorlege inngrep.

Fylkesmannen viser til at verneframlegg blir fremja på grunnlag av dei naturfaglege verneverdiane, og ikkje på grunnlag av truslar mot området. Vern etter naturvernlova er berre aktuelt for område som ikkje er påverka av tyngre tekniske inngrep, og for eit landskapsvernområde sin del er poenget å verne mot "inngrep som vesentlig kan endre eller virke inn på landskapets art eller karakter." Ein analyse av kva som

trugar verneverdiane vil ut frå dette vere av avgrensa verdi, da sentrale trugsmål mot verneverdiane per definisjon vil vere større tekniske inngrep og andre inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter - til dømes kraftutbygging og flatehogst. Eit langsiktig tidsperspektiv er grunnleggjande for vern etter naturvernlova, fordi ein ikkje utan vidare kan analysere seg fram til kva trugsmål som kan vere aktuelle om 50 eller 200 år.

Direktoratet for naturforvaltning sluttar seg til kommentarane frå fylkesmannen.

Miljøverndepartementet sluttar seg til fylkesmannen sine kommentarar.

11. Utgreiing av konsekvensar av vern

Gloppen kommune, Bremanger kommune, og Flora kommune meiner planarbeidet ikkje har greidd ut konsekvensane av vern for brukarinteressene, og at verneframlegget såleis ikkje gir ei godt nok balansert framstilling av verneinteresser og andre brukarinteresser. Grunneigar saknar ein konsekvensanalyse før eit eventuelt vern.

Fylkesmannen viser til "Forskrift om konsekvensutredninger" av 21.5.1999 der det skal gjennomførast konsekvensutredning ved oppretting av nasjonalparkar og andre verneområde større enn 500 km², og nasjonalparkar og andre vernetiltak på meir enn 250 km² dersom tiltaket fører til ei vesentleg endring i bruken for primærnæringane eller reiseliv i lokalsamfunnet. Ålfotbreen landskapsvernområde fyller ikkje desse krava.

Direktoratet for naturforvaltning viser til kommentarane til fylkesmannen. Direktoratet har elles inntrykk av at synfaringar, høyringar og møte, ikkje minst i referansegruppa, i stor grad har avdekt relevante konsekvensar.

Miljøverndepartementet meiner at saken er godt opplyst gjennom fylkesmannen sitt høyringsutkast og dei innspel som har kome gjennom høyringane.

Alternativ til vern: Lokale forvaltingsplanar

Dei tre berørte kommunane, Hyen bondelag, Davik og Ålfoten bondelag, ein grunneigar og Sogn og Fjordane Energi meiner at det i staden for vern bør lagast forvaltingsplan for området.

Fylkesmannen peiker på at det blir laga ei forvaltingsplan for verneområdet i samarbeid med grunneigarar og andre, utforma innanfor dei rammene som verneforskriftene gir. Fylkesmannen går dermed ut frå at det er andre slags forvaltingsplanar det her kjem fram ønske om. I det siste møtet i referansegruppa kom det fram at dei fleste såg for seg ei forvaltingsplan med grunnlag i plan- og bygningslova, og med fylkesmannen som ansvarleg for utarbeidinga. Fylkesmannen sitt reiskap i naturvernsamanheng er naturvernlova, og embetet har ikkje mynde til å utarbeide forvaltingsplanar etter anna lovverk. Fylkesmannen understrekar at plan- og bygningslova har klare avgrensingar når det gjeld langsiktig vern av naturverdiar og difor ikkje er eigna som basislovverk for eit verneområde.

Direktoratet for naturforvaltning støttar kommentarane frå fylkesmannen og understrekar spesielt viktigheita av det langsiktige perspektivet som ligg i vern etter naturvernlova, framfor bruk av plan- og bygningslova, med rullering av kommuneplanar og skiftande politiske tilhøve.

Miljøverndepartementet viser til det lange tidsperspektivet vern etter naturvernlova gjer i høve til å bruke plan- og bygningslova. Departementet ser det som naudsynt at verneverdiar av nasjonal interesse vert gjeve eit langsiktig vern.

Økonomisk erstatning

Sogn og Fjordane bondelag/Sogn og Fjordane skogeigarlag, og Hyen bondelag går på prinsipielt grunnlag sterkt mot vern utan at grunneigarar og lokalsamfunn får økonomisk kompensasjon. Døme på kompensasjon kan vere næringsfond til utvikling av nye næringar, forvaltingsplan der det følgjer med pengar frå miljøstyresmaktene eller forvaltingsplan der ein integrerer landbruket sine egne plansystem.

Fylkesmannen viser til at økonomisk kompensasjon for vern berre blir gitt for verneformer med sterk grad av råderettsavgrensing, i praksis naturreservat. Dette kan bli endra som resultat av arbeidet i Biomangfaldlovutvalet. Utarbeiding av forvaltingsplan vil vere ein integrert del av eit vernevedtak, som nemnt i verneforskriftene §5. Med ei slik forvaltingsplan vil det også følgje forvaltingsmidlar med føremål å følgje opp dei retningslinjer og mål som blir sette i forvaltingsplanen.

Direktoratet for naturforvaltning viser til merknadane frå fylkesmannen. Stortinget avgjer kva for erstatningsreglar som til ei kvar tid skal gjelde.

Miljøverndepartementet viser til at eksisterande næringsverksemd i hovudsak kan halde fram i verneområdet. Departementet vil påpeike at mange aktivitetar i utmark også blir regulert etter ei rekkje andre lovverk, uavhengig av vern.

Landbruk og skogbruk

Fylkeslandbruksstyret peiker på at det føreslåtte verneområdet i liten grad kjem i konflikt med landbruksinteresser, med unntak for skogs- og beiteområde særleg i Skjerdalen, Hyen og Grøndalen. Når det gjeld skogbruk, føreslår Fylkeslandbruksstyret ei mindre grensejustering i nedre del av Skjerdalen, men kan elles ikkje sjå konkrete konfliktar.

Statens landbruksforvaltning (SLF) har merka seg at Fylkeslandbruksstyret sitt forslag til grensejustering er teke til følgje av fylkesmannen og støtter endringa. SLF presiserer at det er viktig med breie og involverande prosessar som sikrar lokal medverknad i forvaltning, som utarbeiding av forvaltningsplan og evt i rådgjevande utval. Det kan vere aktuelt med utvikling av ny næringsverksemd i kombinasjon mellom landbruk og reiseliv/turisme. I samband med arbeidet med forvaltningsplan kan det skapast arenaer der ein også drøftar kva for retningslinjer slike verdiskapingstiltak bør skje etter.

Ein grunneigar peiker på at ein ikkje styrker busetjinga på ein gard ved å bandlegge det meste av den drivverdige skogen slik at ein berre kan drive plukkhogst til eige

bruk, og ved å leggje opp til detaljstyring og føringar som gjer det vanskelig å drive effektivt.

Glommen kommune og Førde grunneigarlag er redde for at landskapsvern kan føre til redusert drift og påfølgjande attgroing av kulturlandskapet. Grunneigarlaget meiner at i dalføra er kulturlandskapet dominerande, og at landskapet er ein direkte følgje av busetnad og bruk av naturressursane.

Sogn og Fjordane bondelag/Sogn og Fjordane skogeigarlag er usamd i definisjonen av kulturlandskap som ei avgrensing til berre å gjelde stølsområde. Kulturlandskapet vert i dag definert som alt innmark- og utmarksareal som har blitt nytta i og forma ved beitebruk og skogbruk.

Noregs naturvernforbund hevdar det er vanskeleg å sjå at verneframlegget femnar om areal eller inneheld reglar som økonomisk er til meins for drifta på dei bruka som saka gjeld og ser det som urimeleg at nokre få grunneigarar skal kunne hindre at landskapsvernområdet vert oppretta for å ta vare på nasjonalt viktige naturverdiar når det som er påvist av konkrete ulemper er så marginale som i dette tilfelle.

Reiselivsbedriftenes landsforening Vest-Norge er positive til nasjonalparkar og landskapsvernområde, men ser samstundes med uro på dei stramme rammevilkåra i landbruket og nedlegging av stadig fleire gardsbruk. I eit område som rundt Ålfotbreen, som er relativt tynt befolka, ser RBL det som heilt naudsynt å ta omsyn til landsbruksinteressene. RBL støttar difor uttalen frå referansegruppa og då spesielt det som gjeld utnytting av ressursane i landbruket.

Fylkesmannen meiner at ut frå det som er kome fram under synfaringar og i verneprosessen elles, er det vanskeleg å sjå at vern skal vere ein utløyssande faktor for redusert drift på gardsbruka som ligg inn mot det føreslåtte verneområdet. Fylkesmannen hevdar at det er få kulturbetinga miljø innanfor dei føreslåtte grensene, jf den botaniske rapporten som blei utarbeidd i framkant av verneprosessen. Inne i det føreslått verna området har det i følgje grunneigarane ikkje vore nemnande hogst sidan like etter krigen, og lauvskogen dette gjeld nærmar seg eller har nådd eit suksesjonstrinn bortimot lik naturtilstand. Det går rett nok husdyr på beite i dalbotnane, men dette er snakk om ekstensivt skogsbeite. Det har elles ikkje vore meininga å avgrense omgrepet kulturlandskap i verneframlegget til stølsområde, i den grad det er mogleg å oppfatte teksten slik. Fylkesmannen viser til at skogsdrift kan skje i landskapsvernområdet etter godkjent plan, med hogstflater på opptil 5 dekar dersom det blir sett igjen jamt spreidde tre på flata.

Direktoratet for naturforvaltning viser til fylkesmannen sine merknader. DN presiserer at landskapsvern er ei mild verneform der igangverande, tradisjonell skogs- og jordbruksdrift i stor utstrekning kan halde fram. Det vil difor ikkje vere tale om bandlegging eller føresetnadar som skulle gje grunnlag for dramatisk gjengroing eller endringar i landskapsbiletet. Det er nettopp eit hovudformål for vernet å ta vare på eksisterande landskapsbiletet.

Miljøverndepartementet meiner det ikkje er avgjerande om naturen har vore utnytta til til dømes hogst tidlegare. Det er verneverdiane som avgjer om det er grunnlag for vern eller ikkje. Elles støtter MD synspunkta til fylkesmannen og DN.

Vasskraftutbygging

Generelt

Bremanger kommune og Gloppen kommune har m. a. utnytting av vasskraftressursane som grunngeving for at Ålfotbreområdet ikkje bør vernast. Kommunane etterlyste tidleg i prosessen ei grundig analyse av kva som trugar verneverdiane, m. a. saknar ein ei analyse av kva for negative konsekvensar kraftutbygginga i Ålfotbreområdet har hatt på dei ulike verneverdiane som grunngeving for at området no bør vernast mot nye slike tiltak.

Flora kommune peiker i si innstilling til høyring på at for Flora sin del vil ikkje verneområdet omfatte område med store kraftinteresser som i nabokommunane, men Flora kommune har likevel stor forståing for at Bremanger og Gloppen ser på dei økonomiske konsekvensane som eit vern kan ha for kommunane og andre interessentar. Kommunen meiner vidare at kraftutbygging og vern ikkje kan sameinast. Flora kommune kan ikkje einseitig sjå på dei økonomiske konsekvensane i høve til kraftproduksjon, men vil peike på at eit verneområde kan representere ein styrke for kommunane i eit langsiktig perspektiv. Verdien av å framleis kunne ha urørte naturområde att i kommunen vil i framtida berre auke. Det kan og på sikt direkte eller indirekte føre med seg inntekter frå anna næring enn kraftutbygging, t.d. innan reiseliv.

Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til måla i fylkesdelplan for klima og energi, der det m.a. står at restpotensialet av vasskraft i fylket må kunne byggast ut, og at fylkeskommunen vil arbeide for å få vassdrag i fylket ut av suppleringslista til verneplan for vassdrag. Spesielt blir det vist til vedtak der fylkeskommunen går mot vern av Storelva i Skjerdalen, med bakgrunn i at ei vidare vasskraftutbygging er viktig for lokale interesser med tanke på å sikre grunnlaget for busetting i Skjerdalen og samtidig gjere det mogeleg å få noko meir vasskraft ut av Øksnelvaneutbygginga.

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest rår i frå at delar av eksisterande anlegg vert liggande innanfor vernegrensa. Dette kan skape uklære tilhøve når det gjeld utøving av mynde og gjer ei samfunnsmessig utnytting av anlegga vanskeleg. Eksisterande anlegg krev kontinuerleg vedlikehald og oppgradering, og av omsyn til effektiv og optimal drift bør dei difor haldast utanfor landskapsvernområdet.

Den norske Turistforening (DNT) meiner planane om kraftutbygging vil vere svært øydeleggjande. DNT meiner SFE og Elkem-Bremanger allereie har store og lønsame kraftutbyggingar i området og at selskapa difor bør vereause nok til å la dei siste restane av urørt natur i området vere i fred. Det vert vist til SFE sine planar om mindre utbyggingar for å utnytte eksisterande reguleringar. DNT ser dette som greit, og viser til tidlegare uttale frå Sogn og Fjordane Turlag.

Fylkesmannen understrekar at framlegget om oppretting av verneområde er fremja på grunnlag av dokumenterte naturfaglege verneverdiar, og fordi det er eit område utan tyngre tekniske inngrep. Med t.d. vasskraftutbygging og dei inngrep dette fører med seg vil området ikkje lenger vere inngrepfritt, og det vil dermed per definisjon ha mista ein vesentleg del av sin verneverdi. Fylkesmannen meiner at plan- og bygningslova ikkje er eit fullgodt alternativ til naturvernlova.

Landskapsvernområdet vil ikkje vere til hinder for utbygging av det planlagde småkraftverket i Skjerdalen.

Samla Plan-prosjekta i Skjerdingane og Skjerdalen

Gloppen kommune og Bremanger kommune nemner at utbygging av Storelva i Skjerdalen med overføring av Svartevatnet til Yksneelvane er eit prosjekt som Stortinget i utgangspunktet har sagt skal kunne gjennomførast sjølv om det blir landskapsvern i det same området.

Kommunane konstaterer at NVE ved handsaming av forslag til supplering av verneplan for vassdrag har vald å tilrå at Storelva i Skjerdalen ikkje blir verna, først og fremst grunngjeve med det pågåande arbeidet med verneområdet. Grunngjevinga er i stor grad basert på Fylkesmannen sitt innspel til saka. Kommunen meiner at Fylkesmannen no bruker NVE si grunngjeving som argument for at Svartevatnet er teke inn i verneområdet utan at kraftutbygging er utreda. NVE har latt vere å ta stilling til eventuelt vern av Storelva, og Fylkesmannen har latt vere å ta stilling til at overføring av Svartevatnet til Yksneelvane faktisk er eit prosjekt som i Samla Plan for kraftutbygging er klargjort for konsesjonshandsaming. Dette meiner kommunen er ei snedig handtering av ei såpass sentral problemstilling.

Sogn og Fjordane fylkeskommune går subsidiært inn for at området ved Skjerdingane vert teke ut av landskapsområdet. Dette ut frå tidlegare vedtak knytt til vasskraftprosjekt i tråd med Samla plan. Fylkeskommunen viser til måla i fylkesdelplan for klima og energi, der det m.a. står at restpotensialet av vasskraft i fylket må kunne byggast ut og at fylkeskommunen vil arbeide for å få vassdrag i fylket ut av suppleringslista til verneplan for vassdrag, t.d. gjekk fylkeskommunen mot vern av Storelva i Skjerdalen. Ei vidare vasskraftutbygging er viktig med tanke på å sikre grunnlaget for busetting i Skjerdalen og samtidig gjere det mogeleg å få noko meir vasskraft ut av Øksnelvaneutbygginga.

Sogn og Fjordane Energi er i mot at området ved Skjerdingane inklusiv Skarvevatnet, Middagsvatnet og Svartevatnet blir verna som landskapsvernområde. I Øksnelvane er potensialet for opprustings- og utvidingsprosjekt stort, og ei overføring (evt. regulering) av Svartevatnet i Skjerdalsvassdraget samt utnytting av fallet og evt. regulering av Middagsvatnet og Skarvevatnet i Insteelvane kan vere avgjerande for å vinne inn vel 80 GWh av dette energipotensialet. SFE argumenterer elles med at verneframlegget avvik frå Stortinget sine føresetnader om sakshandsaming og vanleg lovbruk. SFE meiner også at verneframlegget går langt inn i sakshandsaming etter vassdragslovgevinga med konsekvensanalysar, synspunkt på optimalisering av magasinkapasitet og korleis dammar vert utforma. Dette finn SFE svært uryddig, fordi det angjeldande prosjektet ikkje er utforma, fordi ein konsesjonsprosess ikkje er starta og fordi dette er eit fagområde der miljøvernavinga/DN ikkje har kompetanse. SFE meiner også at verneframlegget argumenterer i strid med Stortinget sine føringar for sakshandsaming i skjeringspunktet mellom landsplanen for nasjonalparkar og samla plan, og at det blir gitt positivt gale opplysningar i Fylkesmannen sin argumentasjon for å inkludere kategori I-prosjektet Svartevatn i verneområdet. Dei meiner m.a. at NVE føreslo Skjerdalselva (med Svartevatnet) trekt frå supplering av Verneplan for Vassdrag fordi ei heilskapleg vurdering av verneverdiar og andre interesser ikkje fann verneverdiane store nok.

Norges Naturvernforbund gjekk ifm suppleringa av Verneplan for vassdrag inn for å opne for bygging av eit kraftverk i nedre delen av Skjerdalen, noko som let seg kombinere med vern lenger oppe i dalen. Etter Naturvernforbundet si oppfatning kan det ikkje vere grunn til å tolke dette som eit ja til overføring lenger oppe når Stortinget valde å halde Skjerdalselva utanfor verneplanen. Forbundet meiner NVE gjekk mot å ta elva med i verneplanen med den grunngeving at verdiane i den øvre og urørde delen let seg sikre gjennom vern etter naturvernlova.

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat region Vest peiker på at grensene for verneområde generelt må trekkjast slik at det kan gjennomførast konsesjonshandsaming for vasskraftprosjekt som ligg i kategori I i Samla plan. For Skjerdalselva er situasjonen spesiell pga handsaminga i samband med supplering av verneplan for vassdrag. NVE føreslo i si innstilling til Olje- og energidepartementet at elva ikkje blei tatt inn i verneplan for vassdrag, men at ein i staden opna for at viktige delar av vassdraget i naturvernsamanheng kunne takast opp til vurdering i samband med det tillyste verneplanarbeidet etter naturvernlova. Dette inneber at dei delane av Samla plan prosjektet Øksnelvane III som gjeld Skjerdalselva (overføring av Svartevatnet) må vurderast med utgangspunkt i at forholdet til vasskraftinteressene blir teke stilling til ved slutthandsaminga av verneforslaget for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Norges vassdrags- og energidirektorat (sentralt) aksepterer vern av dei delane som drenerer til Skjerdalen inkl. Svartevatnet. Dette er i tråd med Olje- og energidepartementets forslag om vern av Storelva, jf. St.prp. nr. 75 (2003-2004). NVE går mot vern av områda vest og nord for vannskiljet mellom Yksneelvane og Storelva. Grunngevinga er at vernet ikkje må hindre ei konsesjonshandsaming av det aktuelle kategori I-prosjektet i tråd med føringane som er gitt i St.meld. nr. 62 (1992-93). Avgrensinga som vart fremma i forslaget som vart meldt i januar 2002 er akseptabel sett frå NVE sin ståstad.

Grunneigarane i Vik meiner at mye av landskapet rundt Ålfotbreen er prega av kraftutbygging, men at ein framleis finn mange fine vatn og fossar som dei håpar også i framtida vil renne fritt. Dei peiker særleg på Middagsvatnet, Skarvatnet, Gullsmedvatnet og fleire små vatn som ligg nedover mot Hjortestegvatnet. Slik det er i dag, har SFE nytte av desse vatna gjennom tilsig til Bjørndalen og vidare til kraftstasjonen i Øksnelvane. Grunneigarane meiner at SFE har rikeleg spelerom for mange ulike løysingar til framtidig regulering i fjellområda, sjølv om det mest omfattande vernealternativet, med grense bak Hjortestegvatnet, vert realisert som landskapsvernområde.

Sogn og Fjordane Turlag meiner at konsekvensklasse 1 for overføring av Svartevatn frå Skjerdalselva til Yksneelvane er feil/forelda i dag, og at konsekvensane for miljø og brukarinteresser er mykje meir negative. For friluftslivet har trafikken i området auka sterkt sidan 1993. Turlaget peiker på at begge dei viktigaste turrutene i nordaust vert ramma av ei utbygging. Turlaget framhevar Svartevatnet som ei eineståande naturoppleving i Ålfotbreområdet. Skjerdingsane med alle dei store og små vatna og alle breane framstår som urørt. Terrenget er utforma slik at reguleringane i vest ikkje er synlege, og ei utbygging vil vere sterkt øydeleggande på området som friluftsområde. Turlaget kjem også med ulike forslag til

småutbyggingar og tiltak for å vinne inn ein stor del av kraftpotensialet på 80-100 GWh og samstundes spare naturverdiar. Turlaget sitt primære syn er at heile Storelva i Skjerdalen må vernast, men eit småkraftverk som berre omfattar den nedre delen av elva kan dei akseptere viss det er viktig som ein del av det økonomiske grunnlaget for vidare busetnad i Skjerdalen. Viss utbyggarane held fast ved at Svartevatnet skal brukast som reguleringsmagasin, oppmodar turlaget Fylkesmannen til å endre si tidlegare fråråding, og tilrå vern av heile Storelva i Skjerdalen.

Grunneigar peiker på at utnytting av vassfall alltid har vore ein del av grunnlaget for busettinga i Skjerdalen, og det må også vere ein av dei ressursane ein må bygge vidare drift på. Som ein utkant i utkanten er dei svært sårbare, og med små marginar merkast lett negative endringar.

Den norske turistforening meiner planane om vidare kraftutbygging vil vere øydeleggjande for eitt av dei finaste urørte område som er att i Ålfotbreområdet. Alle tre turrutene inn i området vil vere skadelidande, slik DNT ser det. I tillegg øydelegg planane for eit oppdrettsanlegg, som vil vere viktig for å sikre busetjing i Skjerdalen.

Fylkesmannen meiner delane av Samla plan - prosjektet Øksnelvane III som gjeld Skjerdalselva (overføring av Svartevatnet) må vurderast med utgangspunkt i at forholdet til vasskraftinteressene blir teke stilling til ved slutthandsaminga av verneforslaget. NVE har stadfesta at dette betyr at det generelle kravet om konsesjonsprosess fell bort, og at Fylkesmannen står fritt til å ta Svartevatnet med innanfor grensene til verneområdet.

Fylkesmannen peikar vidare på at verneframlegget sin omtale av tilhøve knytt til vatn og vassdrag, er ei naturleg følgje av at vern av elver og vatn er ein del av føremålet med vernet. I den samanhengen er det naturleg at konsekvensar og moglegheiter som ligg i høvesvis vern og utbygging blir utgreidde og diskuterte. Det er også av verdi å vise kva argument som ligg til grunn for t.d. val av grenseføring. Fylkesmannen kan ikkje sjå at verneframlegget argumenterer i strid med Stortinget sine føringar for sakshandsaming i skjeringspunktet mellom landsplanen for nasjonalparkar og samla plan, og viser til avklaringa i høyringsuttalen frå NVE region vest. Når det gjeld årsaka til kvifor NVE føreslo Skjerdalselva (med Svartevatnet) trekt frå supplering av Verneplan for Vassdrag, viser fylkesmannen til NVE si vurdering og anbefaling til OED, som ordrett er slik: *"De største verdiene i vassdraget er knytt til urørte områder i øvre del. NVE legger til grunn at disse kan ivaretas gjennom vern etter naturvernloven og anbefaler derfor at vassdraget ikke tas med i Verneplan for vassdrag."* Dette har såleis ikkje noko å gjere med at verneverdiane i området ikkje er vurderte som "store nok". Når det gjeld utnytting av vassfall i Skjerdalen, minner fylkesmannen om at embetet i samband med framlegget til supplering av Verneplan for vassdrag gjekk inn for at verneverdiane i dei øvre delane av Storelva (Skjerdalselva) kunne bli ivaretatt gjennom landskapsvernområdet. Landskapsvern utan vassdragsvern vil opne for etablering av småkraftverket som er planlagt i Skjerdalen utanfor vernegrensene, mens vassdragsvern ville ha hindra etablering av eit kraftverk av denne storleiken.

Hopsvassdraget

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane Energi meiner at dersom det likevel skulle bli vern, meiner dei at verneområdet også må innskrenkast i sør (området ved Kaldevatn) fordi dei samfunnsmessige ulempene vil bli vesentleg større enn fordelane ved tiltaket dersom aktuelle vasskraftprosjekt i desse områda vil falle bort.

Norges Vassdrags- og Energidirektorat har ingen innvendingar til at delar av nedbørfeltet til det verna Solheimsvassdraget vert trekt inn i verneområdet.

Fylkeslandbruksstyret er usikker på om det planlagde minikraftverket i Grøndalen kjem i konflikt med grenser og/eller forskrifter for verneområdet.

Fylkesmannen viser til at det planlagde minikraftverket i Grøndalen er lagt inn i verneforskriftene (sjå "Merknader til verneforskriftene").

Keipen-området

Elkem Bremanger viser til at over halvparten av nedslagsfeltet for Svelgen 2 og 4 blir del av det føreslåtte verneområdet. Området rundt Keipen er omgitt av regulerte vatn og vassdrag, og Elkem uttaler at fleire installasjonar ligg i grensa for verneområdet, m.a. terskel og kanal for bekkeinntak i Handkleskaret og reguleringsanlegget på nordsida av Storebottsvatnet Dette meiner dei er svært uheldig, då ein er avhengig av helikopter og maskinelt utstyr for å vedlikehalde anlegga. Ein eldre steinfylling/-dam ved utløpet av Bratthammervatn ligg inne i området. Elkem viser elles til at i det siste tiåret er det verna to vassdrag og oppretta eit barskogreservat og eit landskapsvernområde vest for det føreslåtte landskapsvernområdet, og at betydelege landområde og vassdrag i det området kor Elkem driv kraftverk dermed allereie er verna.

Landskapsvernområdet vil hindre to alternative kraftprosjekt som Elkem vurderer. Det eine nyttar fallet frå Søre Hjelmvatn til sjø, og vil gi ca 100 GWh ny kraft. Alternativ 2 vil gi ca 34 – 38 GWh ny kraft. Sistnemnde prosjekt vil gi best lønsemd, men begge prosjekt er i dagens marknad for kostbare. Likevel vil ny teknologi, høgare energipris og grønne sertifikat kunne gjere desse prosjekta lønsame i framtida.

Statkraft Energi AS, som eig kraftverka Svelgen I og II, uttaler at området nord for lina Søre Hjelmelandsvatn og Lægdevatnet/Blåbrevatnet kjem i direkte berøring med reguleringsområdet til Svelgen II. Statkraft meiner område B bør tas ut av plana av di eit landskapsvern i dette området vil medføre tap av framtidig utnytting av dei ubrukte vasskraftressursane, restriksjonar på verksemd knytt til drift og vedlikehald av kraftanlegg i verneområdet og tilgrensande område (inkl restriksjonar på motorisert ferdsle), samt konflikt mellom bruk av området til kraftproduksjon og ålmenta sin bruk av området til friluftsliv og rekreasjon (støy frå helikopter o.a.).

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner området rundt Keipen i vest også bør trekkast ut av verneplanforslaget, fordi det omfattar/grensar til anleggsdelar som krev vedlikehald til dels med helikopterbruk og i periodar også anleggsaktivitet. Vern vil såleis kunne komme i konflikt med eksisterande aktivitet i tillegg til at det vil hindre ei framtidig utviding av vasskraftanlegga mot Svelgen.

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt i mot Elkem Bremanger sine planer for Svelgen 5 og alternativ. Laget meiner ein får ut nokså lite kraft, prosjekta er dyre, og dei er

svært naturøydeleggande i det makelause området med trappetrinsvatna. Inntak i dei to vatna nærast Blåbrebu vil ut på våren høgst sannsynleg sperre dei to viktigaste skiturrutene frå hytta, til Ålfotbreen (der laget hevdar det ikkje finst andre alternativ) og til Saga (alternativ finst kanskje). Dette har samband med at isen erfaringsmessig vil sprekke tidlegare opp langs land i inntaksmagasinet, og det har mykje lettare for å danne seg overvatn på isen. Vatna vert uframkomelege minst ein månad tidlegare enn elles. Turlaget peiker på at dersom vatna vert reguleringsmagasin, vert det enda verre. Dei meiner at det ikkje må byggast ut meir i dette området, og at den fantastisk fine nordvestlege delen av verneområdet ikkje må øydeleggast.

Fylkesmannen viser til at området rundt Keipen er omgitt av regulerte vatn, men at den særskilte topografien gjer at desse inngrepa ikkje eller i svært liten grad er synlege sjølv frå dei høgaste toppane. I eit så hardt utbygd fjellområde er dette med på å auke verneverdien av området rundt Keipen. Om nedslagsfeltet til eit kraftverk ligg inne i eller utanfor landskapsvernområdet vil ikkje ha noko å seie for tilsiget av vatn, og heller ikkje for drift og vedlikehald, så lenge alle tekniske installasjonar knytt til kraftverket ligg utanfor verneområdet. Grensene for det føreslåtte verneområdet er diskutert på eige møte med Elkem Bremanger, og blei på grunnlag av dette justerte vekk frå dei nemnte tekniske installasjonane allereie i 2003. Den einaste "tekniske installasjonen" innanfor vernegrensene i Keipen-området er ein eldre steinfylling/dam ved Bratthammarvatnet. Dette er ei fylling med treverk, 1-2 meter høg og 12-15 meter lang, som i si tid blei laga for å seinke vasstraumen. Fyllinga kan bli liggande som eit teknisk kulturminne, eller fjernast. Til merknaden frå Elkem om at betydelege areal i det området dei driv kraftverk allereie er verna, påpeiker Fylkesmannen at både Bremanger og Flora er mellom dei kommunane i Sogn og Fjordane som har minst verna landareal, med hhv. 1,18 og 0,59%. Når det gjeld dei to skisserte utbyggingsprosjekta (Svelgen 5 og alternativ), er begge ulønsame i dag. På orienteringsmøte i Ålfoten 26.01.04 blei det oppgitt frå Elkem at utbygging vil kunne utløyse vegbygging inn i fjellområdet, og samla sett vil dette føre til store naturinngrep.

Merknader frå Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet om vasskraftutbygging.

Direktoratet for naturforvaltning registrerer interessene frå både kommunar, kraftverk og grunneigarar for potensialet som ligg i området for vidare utnytting av vasskraftressursane. DN registrerer også signala frå grunneigarar, friluftsliv- og naturvernorganisasjonar om at området er nok utbygd og at det er viktig å ta vare på attverande urørt del av området. DN konstaterer at motstridande interesser mellom vasskraftutbygging og vern er ei stor utfordring når det gjeld brukarinteressene i verneplanområdet.

Ålfotbreen er eit område som er sterkt påverka av vatn gjennom mykje nedbør, isbrear, bekkar og vatn. Svært mange vatn rundt verneframlegget er utnytta til kraftproduksjon. Når ein skal verna eit slikt landskap og miljø, bør det etter DN si meining vere eit mål at ein får med system av uregulerte bekkar og vatn. Området rundt Skjerdingane har store verdiar knytt til oppleving og landskap, og der det inngår eit system av vatn (Middagsvatnet, Skarvevatnet, Hjortestegsvatnet m.fl). På den bakgrunn tilrår DN primært at grensa blir som i fylkesmannen si subsidiære

tilråding. Dette inneber at området som rører vasskraftprosjektet Skjerdalen II (Samla plan, kategori I) inngår i verneområdet.

Subsidiært tilrår DN ei grenseendring og innføring av rikspolitiske reglar i Skjerdingane-området i påvente av ei konsesjonshandsaming av vasskraftprosjektet Skjerdalen II. Dette er nærare omtalt seinare.
DN støtter elles fylkesmannen sine vurderingar.

Miljøverndepartementet anbefaler at vernegrensa trekkast slik at Svartvatnet blir med i vereframlegget, medan dei andre vatna nedanfor ikkje blir verna. Dette tilsvarer verneframlegg alternativ 2.

12. Namn

Statens namnekonsulentar på Vestlandet tilrår at Ålfotbreen landskapsvernområde vert nytta som offisiell namneform.

Direktoratet for naturforvaltning tilrår at Ålfotbreen landskapsvernområde vert nytta som offisiell namneform.

Miljøverndepartementet støtter forslaget om at namnet blir Ålfotbreen landskapsvernområde.

13. Avgrensing av området

Generelt

FRIFO og Norges naturvernforbund meiner Ålfotbreen landskapsvernområde bør opprettast i tråd med framlegget som vart sendt på lokal høyring (232,9 km²). Statens landsbruksforvaltning sluttar seg til fylkesmannens subsidiære tilråding. Holme grunneigarlag er i utgangspunktet mot at verneområdet blir oppretta med dei framlagde vernegrensene og verneforskriftene, men kan likevel gå med på at det blir oppretta eit verneområde som er avgrensa slik eit fleirtal i referansegruppa har føreslått.

Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Skogeigarlag og ein grunneigar meiner at landskapsvernområdet bør avgrensast til statsallmenningen.

Grunneigarane i Hope meiner at vernet bør avgrensast til statsallmenningen, eller i det minste til dei grensene som låg føre da oppstart av verneprosessen blei varsla. Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, region Vest peiker på at det har vore vanleg praksis at grensene for verneområde blir trekt utanom/rundt reguleringsmagasin. Dei registrerer at dette i stor grad blir følgd, og legg til at det er viktig at grensene blir trekt slik at verneområdet ikkje gjer ombyggingar/ opprusting og vedlikehald av innretningar og hjelpeanlegg knytt til eksisterande vasskraftanlegg vanskeleg. NVE vurderer Ålfotbreen landskapsvernområde som ein mogleg måte å sikre dette særprega landskapet. Men grensa for verneområdet bør trekkast tilbake slik at prosjekt som inngår i Samla plan kan gjennomgå ei konsesjonshandsaming som m.a. omfattar ei detaljert vurdering av naturverdiane. Dersom det ikkje blir opna for utbygging gjennom ei konsesjonshandsaming kan grensa for verneområdet eventuelt justerast i ettertid.

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, hytteeigar, privatperson, Flora kommune (rådmannen si innstilling) og Fylkeslandbruksstyret meiner at det føreslåtte landskapsvernområdet er greitt avgrensa, og har med nokre mindre unntak ikkje merknader til grensetrekkinga (sjå merknad frå fylkeslandbruksstyret når det gjeld Skjerdalen).

Kystverket saknar generelt ei vurdering av behovet for vern heilt ned til sjøen. Tilgrensinga til sjøområde gjer at framlegget rører ved Kystverkets interesser og ansvarsområde. Kystverket har ein installasjon på vestsida av Hyefjorden, men påpeikar at det kan vere aktuelt å oppføre nye lykter, merker og stakar.

Fylkesmannen meiner at eit verneområde som berre omfattar statsallmenningen ikkje er ei aktuell løysing, da statsallmenningen i store trekk berre omfattar dei bredekte områda i snaufjellet. Innanfor statsallmenningen er det også gjort inngrep i samband med kraftutbygging som gjer at deler av han ikkje er verneverdig. Fylkesmannen meiner på same måte at framlegget frå referansegruppa ikkje er godt nok, då det manglar vesentlege deler av det mangfaldet av naturtypar som kjenneteiknar Ålfotbreområdet.

Direktoratet for naturforvaltning støtter kommentarane frå fylkesmannen. DN minner om at grensa i verneframlegget går ned til sjø berre på ei strekning; langs vestsida av Hyefjorden. Meininga med eit vern ned til sjøen her er å få med spekteret frå varmekjær lauvskog ved havnivå til snaufjell og bre i høgaltin sone. Langs Hyefjorden fins ein av dei lengste samanhengande relativt upåverka edellauvskogslie i landet. Det er dessutan berre tre større verneområde i Noreg som femnar heile gradienten frå sjø til isbre (Svartisen, Nærøyfjorden og Lyngsalpane), men gradienten i Ålfotbreen skil seg frå dei andre av di dalføra gjer den meir variert. Kvar vegetasjonen startar ift sjøen varierar. For å femne denne gradienten, er det difor ei meir hensiktsmessig løysing å la avgrensinga ta utgangspunkt i sjøen. Når det gjeld vedlikehald og evt oppføring av nye installasjonar knytt til sikring og trygging av skipsleia: Sjå "Kommentarar til verneforskrifta".

Miljøverndepartementet seier seg samd med fylkesmannen og DN.

Merknader til det einskilde området

Skjerdingsane inkl Botnavatna og Svartevatnet (Gloppen)

Sogn og Fjordane Energi og Sogn og Fjordane fylkeskommune går i mot at området ved Skjerdingsane, inklusiv Skarvevatnet, Middagsvatnet og Svartevatnet, vert verna som landskapsvernområde etter naturlova. Sidan prosjektet er plassert i kategori I i Samla Plan, meiner SFE og FK at grensene må trekkast sør for arealet som er knytt til dette prosjektet.

Norges vassdrags- og energidirektorat aksepterer vern av dei delane som drenerer til Skjerdalen, inkl Svartevatnet, men går mot vern av områda vest og nord for vasskiljet mellom Yksneelvane og Storelva. Dette ut frå at vernet ikkje må hindre ei konsesjonshandsaming av det aktuelle kategori I-prosjektet. Avgrensinga i forslaget som blei meldt januar 2002 er soleis akseptabel. Grunneigarane i Vik håper at dei mange vatna og fossane frå Svartevatnet til Hjortestegvatnet skal få renne fritt også i framtida, og meiner at Sogn og Fjordane energi har rikeleg spelerom for framtidig

regulering i fjellområda, sjølv om heile Skjerdingane og Botnavatna til og med Hjortestegvatnet blir realisert som landskapsvernområde.

Grunneigar meiner at dersom politikarane velgjer vasskraftutbygging, må eigedommen ligge heilt utanfor verneområdet slik at SFE får ei best mogleg utnytting av vasskraftresursane. Dersom vern blir valt framfor vidare utbygging av vasskraftresursane, bør vernegrensene følge det utvida framlegget over eigedommen. Vernegrensene bør då også gå nedom Hjortestegvatnet for å gje eit mest mogleg heilskapleg vern.

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Den norske turistforening (DNT) rår til at det mest omfattande alternativet vest om Hjortestegvatnet (alt. 1) blir valt. Turlaget og fylkeslaget av naturvernforbundet peiker på at området ved Skjerdingane er svært viktig for friluftslivet, med den viktigaste turruta inn i Ålfotbreområdet frå nord som passerer mellom Middagsvatnet og Skarvevatnet. DNT påpeiker at grensa slik ho er føreslått av fylkesmannen gir ei hensiktsmessig avgrensing mellom det store, kraftutbyggingspåverka landskapsrommet vest for grensa og det urørte landskapsrommet aust for grensa. Turlaget legg til at alternativet som opnar for regulering av dei vestlegaste av Botnavatna ikkje er tilfredsstillande korkje ut få landskapsbilete eller friluftsliv.

Fylkesmannen føreslår at heile fjellpartiet Skjerdingane med alle Botnavatna til og med Hjortestegvatnet vert lagt til grunn for evt vern (alternativ 1). Fylkesmannen vurderer elles situasjonen rundt vasskraftutbygging og dokumenterte verneverdiar som så vesentleg endra i forhold til utgangspunktet da Samla plan blei utarbeidd, at det er grunnlag for å få ei ny vurdering i samband med vurderinga av landskapsvernområdet.

Direktoratet for naturforvaltning tilrår primært at grensa blir som i fylkesmannen si subsidiære tilråding. Områda som blir rørt av vasskraftprosjektet Skjerdalen II (Samla plan, kategori 1) har store verdiar knytt til oppleving og landskap. Ålfotbreområdet er i stor grad påverka av vatn, og etter DN si meining vil det derfor vere eit viktig moment at ein får med eit system av vatn (Middagsvatnet, Skarvevatnet, Hjortestegvatnet m.fl) i dette spesielle landskapet ved Skjerdingane. Ikkje minst fordi svært mange vatn rundt verneframlegget er utnytta til kraftproduksjon. Subsidiært tilrår DN ei grenseendring i Skjerdinganeområdet i påvente av ei konsesjonshandsaming av vasskraftprosjektet Skjerdalen II. Endringa inneber at grensa i nordvest vert trekt mot sør og øst, slik at vatna som vil bli direkte påverka av ei evt. utbygging kjem utanfor vernegrensa. Vernearealet reduserast då med om lag 4,5 km². DN føreslår rikspolitiske reglar knytt til området som no vert teke ut av planen, og at området blir verna dersom det ikkje blir gjeve konsesjon.

Miljøverndepartementet anbefaler at vernegrensa trekkast slik at Svartvatnet blir med i verneframlegget, medan dei andre vatna nedanfor ikkje blir verna. Dette tilsvarer verneframlegg alternativ 2.

Hyeneset/Skjerdalen/Hyefjorden (Gloppen)

Ein grunneigar har ingen merknader til den opphavlege grensa ved Hyeneset, som var trekt slik at Hyenesstøylen låg utanfor. Dei ber om at grensa i verneframlegget blir justert tilbake til denne posisjonen. Hyenesstølen blir i dag ikkje nytta i samband med drifta av garden, men neste generasjon vurderer framtidig utnytting

av skogen og stølen, inkl. kommersiell jakt, ombygging og helikoptertransport. Dei vil likevel ikkje motsetje seg ny grense dersom den blir trekt over skoggrensa på Hyenesstøylen.

Den norske turistforening meiner endringa av grensa slik at Hyenesstølen kjem utafor verneområdet og at grensa vert trekt lenger opp i dalsidene mot nord og sør i Skjerdalen er uproblematisk. Foreininga trur det likevel ikkje vil kome vesentlege nye inngrep i desse områda.

Noregs naturvernforbund finn det rimeleg at grensa i Skjerdalen vert flytta litt dersom det trengst for den planlagde kraftutbygginga.

Fylkeslandbruksstyret legg til grunn at det meste av drivverdig skog i Skjerdalen fell utanfor verneområdet, med unnatak for noko areal på nordsida av dalen, om lag midtvegs mellom Skjerdalsstøylen og innmarka, og inne ved Skjerdalsvatnet. Skogsdrift ved Skjerdalsvatnet vil krevje vegutløysing, og vil truleg ikkje vere lønsamt. Uttak av lauvskog framme i dalen i tilknytning til eksisterande veg vil derimot vere aktuelt, og for å kunne utnytte dette meiner fylkeslandbruksstyret at grensa for verneområdet bør trekkjast lengre mot nord - over den drivverdige skogen.

Kystverket saknar ei reieging for kor stor del av kystlina i Hyefjorden som er føreslått verna.

Fylkesmannen viser til at dei føreslåtte verneforskriftene ikkje er til vesentleg hinder for den bruken av området ved Hyeneset som blir skissert av grunneigar/arvingar. Av di Hyenesstøylen ligg like innafor grensa, og det ikkje er gjort spesielle registreringar i området, har fylkesmannen trekt grensa nordvest om stølsbygningane. Grensa er trekt slik at eventuell skogbruksverksemd ved stølen skal bli minst mogleg synleg inne frå verneområdet. Også i Skjerdalen kan skogsdrift skje etter godkjent plan, som elles i landskapsvernområdet. Fylkesmannen finn det likevel rett å følgje opp innspelet frå fylkeslandbruksstyret, og med tanke både på ei tilpassing mot endra grenser ved Hyenesstøylen og ei totalvurdering av tilhøva i Skjerdalen er grensa for det føreslåtte verneområdet trekt noko lenger opp i dalsidene mot nord og sør.

Direktoratet for naturforvaltning støtter fylkesmannen si tilråding, men har i tillegg etter innspel frå fylkesmannen gjort mindre grensejusteringar i Skjerdalen som gjer ei enklare og betre grenseføring. Til Kystverkets merknad om kystlina i Hyefjorden; strekkinga i verneframlegget som går ned til sjø er på 10,47 km (9,40 km i luftline).

Miljøverndepartementet tilrår at grensa trekkast i tråd med DN si tilråding.

Skordalen (Gloppen)

Grunneigarane i Hope meiner det er rimeleg at grensa i Skordalen bør trekkjast opp i same høgd på austsida av dalen som på vestsida.

Fylkesmannen viser til at grenseendringa i Skordalen blei gjort for å unngå skogsvegar og granplantefelt. Slike inngrep er ikkje gjort på austsida av dalen. Grensa er elles trekt frå punkt til punkt og ikkje langs ein høgdekote, og det vert vist til kartet i verneframlegget som viser at grensa når størst høgde på austsida av dalen.

Direktoratet for naturforvaltning støtter fylkesmannen sitt framlegg.

Miljøverndepartementet er samd med fylkesmannen og DN.

Hellefjellet – Heifjellet (Gloppen)

Grunneigarane i Hope peiker på at i oppstartvarselet gjekk grensa nord for Langevatnet, medan verneframlegget viser ei vesentleg utviding mot sør. Dei ser på utvidinga som ein stor ulempe, sidan dette fører til at eit område som er svært viktig for dei kjem inn i verneområdet. Området vert i stor grad nytta til sauebeite, jakt og fiske. For å kunne nytte området på ein best mogeleg måte, har det vore planar om oppsetjing av jakt-/fiske-/gjetarbu ved Langevatnet/Skarvatnet/ Fjellvatnet som ligg innanfor den føreslegne utvidinga. I mange høve har det synt seg behov for dette. Ved framtidig bruk, der også utleige av jakt kan bli aktuelt, meiner dei dette behovet vil auke. For grunneigarane er det soleis viktig at grensa blir trekt tilbake slik den var i det opphavlege framlegget. Dei kan heller ikkje forstå at ei tilbaketrekking av grensa for verneområdet her vil vere til ulempe for turgåarar som vil ta seg inn i dette fjellpartiet via Heifjellet.

Den norske turistforening meiner ei eventuell ny hytte ikkje bør lokalisert øvst i fjellet kor det er eit veldig fint villmarksprega landskap. På Heifjell-"etasjen" kan det vere akseptabelt med ei hytte dersom ho vert riktig utforma og plassert i terrenget. DNT meiner vernegrensa ikkje bør gå lenger nord enn midt i det bratte partiet mellom dei to "etasjane" og at grensa ikkje må flyttast ved Hellefjellet. Eit alternativ til å endre grensa er å tillate bygging av ei mindre hytte. Då har ein betre kontroll med plassering og utforming av hytta.

Fylkesmannen viser til at bruken av Hillefjellet/Heifjellet som i dag ikkje er i konflikt med vernereglane. Oppføring av nybygg er mogleg dersom dette skjer i samband med landbruksverksemd. Gjetarbu er eit døme på dette. Det er likevel eit poeng at jakt ikkje blir rekna som landbruksverksemd. Med tanke på at grunneigarane vurderer utleige av jakt som ein aktuell bruk av ei slik hytte, føreslår fylkesmannen at grensa justerast noko for å gjere det lettare å lokalisere ei hytte opp mot grensene for landskapsvernområdet. Fylkesmannen er noko usikker på om ei slik endring kjem i konflikt med ei god arrondering av verneområdet, men kjem til denne konklusjonen fordi det ikkje er gjort spesielle registreringar i dette området.

Direktoratet for naturforvaltning støtter fylkesmannen sitt forslag til grensejustering i området Hillefjellet/Heifjellet ut frå ønsket frå grunneigarane i Hope om oppsetjing av hytte knytta mot landbruksføremål og ut frå at det ikkje er gjort spesielle registreringar her. I det siste grenseframlegget frå fylkesmannen hamnar området som DNT omtaler som den øvre "etasjen" i hovudsak innanfor landskapsvernområdet, medan Skarvatnet, Saueegga og Heifjellet fell utanfor. Med justeringa som no er føreslått trur DN det let seg gjere å finne ei høveleg tomt for oppføring av hytte, som både ivaretek grunneigarane sitt behov og som ikkje kjem i konflikt med verneverdiar og friluftsliv. DN merker seg at fylkesmannen er usikker på om grenseendringa kjem i konflikt med ei god arrondering av verneområdet og ser at tidlegare forslag hadde vore heldigare i så måte. DN ser likevel ingen grunn til at siste forslag til grense må justerast ytterlegare.

Miljøverndepartementet tilrår at grensa her trekkast i tråd med DN si tilråding.

Straumsbotnen

DN har etter sentral høyring motteke brev frå grunneigar som gjeld endring av grensa for å opne for småkraftverk i Straumsbotnen. Grunneigar ønskjer at grensa endrast slik at fire inntakspunkt haldast utanom verneområdet. For å få verna Straumsbotnen som eit heilskapleg og frodig innslag i det elles relativt karrige landskapet, meiner DN naudsynte grenseendringar med omsyn til småkraftverk ikkje er ønskjeleg. Eit av dei skisserte prosjekta kan likevel gjennomførast utan nokon vesentleg grenseendring. Dette er også eit av dei største småkraftverka som er nemnd av grunneigar. DN tilrår derfor ei mindre grenseendring slik at skissert vassinntak i Kaldeelva kjem utanfor grensa.

Miljøverndepartementet seier seg samd med direktoratet i at det blir gjort ei mindre grenseendring.

Kaldevassnykane – Lassenipa (Gloppen og Flora)

Sogn og Fjordane Energi og Sogn og Fjordane fylkeskommune peiker på at ein del av fallet frå Kaldevatnet potensielt kan utnyttast ved overføring til Store-vatnet som er magasin for Skogheim kraftverk i Oselva. Dette prosjektet har ikkje vore handsama i Samla Plan for vassdrag, men er interessant for evt. framtidig betre utnytting av vasskrafta. SFE og fylkeskommunen meiner difor at Kaldevatnet ikkje bør vernast. Fylkeskommunen vurderer prosjektet til å kunne gi 5 GWh.

Sogn og Fjordane Turlag har notert seg at grensa det er gjort framlegg om, tilnærma følgjer sørgrensa for Devonfeltet. Dei ser at dette er ei naturleg grense, sjølv om dei gjerne hadde sett at den hadde gått lenger sør. Turlaget ser på SFE sitt ønskje om å overføre Kaldevatnet til Storevatnet som svært uheldig m.a. fordi Kaldevatnet er så godt synleg frå Ålfofbreen, og ei eventuell regulering vil vere svært skjemmande. Dei viser også til Nipevatna like vest for Kaldevatnet, der det er fine hylleformasjonar i fjellet med vekselvise lag av sandstein og konglomerat.

Fylkesmannen vurderer området til å vere av stor verneverdi både som leveområde for raudlista artar og som grenseområde for devonfeltet, med særigne terrengformasjonar. Ut frå ei vurdering av den energimessige vinsten på berre 5 GWh opp mot verneverdiane i området og ei fornuftig arrondering, har fylkesmannen kome til at området bør vere med i eit eventuelt verneområde.

Direktoratet for naturforvaltning støtter vurderingane som fylkesmannen har gjort.

Miljøverndepartementet støtter vurderingane som fylkesmannen har gjort og at grensa her trekkast i tråd med DN si tilråding.

Grøndalen (Flora)

Grunneigar er i utgangspunktet mot oppretting av verneområde, men dersom vern likevel skulle bli gjennomført meiner han at grensa må gå aust om gardsbruket i Grøndalen, frå Lassenipa og nordover mot Legdevatnet. Dersom verneområdet skal omkranse gardsbruket, meiner han at det blir ein umogleg situasjon for drifta på garden. Hytteeigar støttar verneforslaget. Fylkeslandbruksstyret peiker på at

grunneigaren sine planar om bygging av minikraftverk med inntak i Støylsvatnet er omtalt som ”ei forsiktig utbygging som ikkje vil gje synlege inngrep utanom kraftstasjonen ved gardstunet”. Dersom ein kan tolke dette slik at det planlagde minikraftanlegget kan byggast utan konflikt med verneføreskriftene, ser fylkeslandbruksstyret ikkje nokon grunn til å føreslå justering av grensa ved Støylsvatnet.

Fylkesmannen meiner at dei verneforskriftene som er utarbeidd, opnar for alle bruksformer som har vore i området, og som grunneigaren har skissert som moglege bruksformer i framtida, og finn difor ikkje grunnlag for større grenseendringar. Det er likevel klart at det må skje ei avklaring rundt det planlagde minikraftverket. NVE har avgjort at minikraftverket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, men for tida er ei utbygging ikkje aktuell fordi linjenettet ut frå Grøndalen ikkje er tilstrekkeleg dimensjonert. Fristen for å setje i verk utbygging har gått ut, men grunneigar vil søkje om forlenging. I staden for å endre grensene for verneområdet har fylkesmannen i forskriftene opna for ei utbygging i tråd med dei planer som er presenterte i forprosjekt og i NVE si vurdering av konsesjonsplikt, dvs. utan magasin, at inntaket i Støylsvatnet ikkje blir synleg, at vassnivået i Støylsvatnet ikkje blir påverka, og at redusert vassføring på grunn av utbygginga berre skal skje vinterstid.

Direktoratet for naturforvaltning viser til kommentarane frå fylkesmannen når det gjeld grensejusteringane rundt garden i Grøndalen. I samråd med fylkesmannen er grensa ved Grøndalen justert noko etter sentral høyring for å imøtekomme ønskje frå grunneigar. Denne endringa gjer at grensa kjem litt lenger unna bruket.

Miljøverndepartementet støtter DN sitt forslag om grensejustering.

Området rundt Keipen (Flora og Bremanger)

Elkem Bremanger, Statkraft SF Midt-Norge, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Førde grunneigarlag meiner at området rundt Keipen bør takast ut av framlegget. Elkem framhever at grensene overlappar eller ligg nær opp til fleire tekniske installasjonar i samband med kraftanlegga til smelteverket i Svelgen (Svelgen 2 og 4). Førde grunneigarlag meiner at det ikkje er i tråd med intensjonane i St. meld nr. 62 (1991-92) at området rundt Keipen er tatt inn i verneframlegget, og konkluderer med at området difor bør takast ut.

Hytteigar, Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Den norske turistforening er positive til at området rundt Keipen er tatt inn i verneframlegget, og meiner at det er få stader i Noreg som har landskap som i større grad er verneverdig. Dei meiner at kraftutbygging er det einaste saklege argumentet mot vern i området, men at den aktuelle utbygginga er så dyr og så uheldig både for natur og friluftsliv at kraftinteressene må vike.

Fylkesmannen viser til at alle dei nemnte tekniske installasjonane ligg mellom 100 meter og to kilometer frå den føreslåtte vernegrensa, dei fleste rundt 300 meter frå. Berre ei eldre, lita stein-/trefylling som er utan teknisk verdi i dag, ligg innanfor grensene. Når det gjeld intensjonane i St. meld nr. 62 (1991-92), seier denne at ein vil arbeide vidare med eit framlegg som konsentrererast om ”dei austlege og sørlege”

delane av Ålfotbreområdet. På grunn av dei store naturverdiane i området rundt Keipen, har fylkesmannen føreslått at ein noko større del av aust- og sørgrensa for devonfeltet blir med som ein del av verneframlegget.

Direktoratet for naturforvaltning viser til kommentarane frå fylkesmannen. Førde grunneigarlag viser riktig til at dei vestlegaste delane i verneframlegget ikkje låg inne St. meld nr. 62 (1991-92). Vi minner om at det i mange høve er gjort større og mindre endringar i utstrekning for ulike verneområde frå framlegga i NOU og Stortingsmelding til endeleg framlegg, alt etter kva for verneverdiar som har vorte dokumenterte gjennom utredningar og prosess.

Miljøverndepartementet støtter vurderingane som fylkesmannen og DN har gjort og tilrår at området rundt Keipen blir omfatta av verneområdet.

14. Kommenterar til verneforskrifta

Generelle merknader

Norges Bondelag minner om at landskapsvernområde er den mildaste forma for vern og ber om at dette må attespeglast i verneføresegna slik intensjonen med vernekategorien var.

§ 2 Føremål

Direktoratet for naturforvaltning viser til at vern av kulturminne ikkje er nemnd som et føremål med landskapsvern i naturvernlova, og har stroke dette frå føremålet i verneforskrifta.

§ 3 Vernereglar

1. Inngrep i landskapet

Holme Grunneigarlag meiner at vern ikkje bør vere til hinder for å montere nye boltar og nødvendig utstyr i fjell til sikring og hjelp for personar som skal på post eller vere med i drivjakt etter hjort.

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, region Vest viser til vassressurslova § 33 2. ledd om forholdet mellom verna vassdrag og naturvernlova, og ber om at vassressurslova sine reglar om tryggleik, tilsyn, erstatning og utøving av råddelde vert klargjort i verneforskrifta. I verneforskrifta bør også eventuelle mindre tekniske inngrep, for eksempel bekkeinntak som av arronderingsmessige årsaker kan vere vanskeleg å halde utanfor eit verneområde, nemnast spesifikt i forskrifta av omsyn til kva som skal gjelde for framtidig tilsyn og vedlikehald.

Fylkeslandbruksstyret uttrykker uvisse om i kva grad det planlagde minikraftverket i Grøndalen kan byggast utan konflikt med verneforskriftene.

Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Skogeigarlag peiker på at området rundt Ålfotbreen har ein av dei tettaste hjortebestandane i landet, og meiner at det må vere rom for å utnytte denne ressursen økonomisk, til dømes ved å tillate enkle vegar og hyttebygging. Hjorteoppdrett knytt til grunneigarretten kan vere ei anna aktuell vekstnæring som det også bør gjevast rom for, ved å tillate etablering av nødvendig infrastruktur for dette. Bondelaget og skogeigarlaget meiner dessutan at det må vere rom for å byggje ut minikraftverk og småkraftverk i og ved landskapsvernområdet, da framtidig busetjing i bygdene vil vere totalt avhengig av

ei vidare utvikling av nye næringar og tradisjonelle næringar på gardsbruka i regionen.

Kystverket Vest uttaler at det er naudsynt med tilgang til anlegg og innretningar for generelt vedlikehald og utbetring av skadar. Det kan verte behov for bygging av nye fyrlykter og andre merke og stakar langs leia. Dette må kunne gjerast uavhengig av eventuelle restriksjonar for å gå i land eller utføre arbeid. Kystverket ser det som særskilt viktig at ein kan utføre desse oppgåvene til ei kvar tid dersom det er naudsynt, og ber om at dette må gå fram av verneforskriftene.

Kystverket (Kystdirektoratet) meiner uttalen frå Kystverket Vest ikkje er teke til følge og ber om at dette vert innarbeidd i forskrifta. Kystverket meiner det ikkje er gjeve løyve til drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg i § 3, og ber om at dette blir innarbeidd. Følgjande vert føreslått som eige punkt under § 3 1.3

(Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til): "Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket".

I einskilde tilfelle har det vist seg behov for å sette opp stakar og merker på kort varsel. Dette har m.a. vore tilfelle knytt til uhell eller nestenulukker. Kystverket legg til grunn at om det oppstår behov for akutte tiltak knytt til etablering av navigasjonsinfrastruktur, må tiltaka kunne etablerast raskt og at ein *i ettertid* varslar vernemyndigheita om dette. Kystverket ber om at det vert teke inn eit nytt punkt om dette, like eins at denne ordninga skal gjelde for alle verneområde som rører sjø eller grenser til sjø. Alternativet til å endre forskrifta er å justere grensene.

Fiskeridirektoratet påpeiker at fiskeri- og oppdrettsnæringa har viktige interessert i Hyefjorden. Spesielt vert kaste- og låssettingsplassane langs vestsida av Hyefjorden nemnt, saman med setjefiskanlegg for laks. Til § 3 pkt 1.3 i forskrifta vil Fiskeridirektoratet ha tilføya flg punkt:

"- oppsetting av boltar og liknande for forankring av flytande akvakulturanlegg og for bruk under utøving av fiske.

- nødvendig ferdsel på land ved oppankring og tilsyn av akvakulturanlegg
- fortøying av båtar til land og ferdsel på land i samband med landfester under utøving av yrkesfiske i sjø".

Fiskeridirektoratet viser vidare til at fylkesmannen i verneframlegget seier at det kan vere mogleg med opning for installasjonar på land knytt til akvakulturanlegg og at dispensasjon til dette vil bli handsama etter § 4. Fiskeridirektoratet ynskjer i staden at det vert teke inn eit eige punkt under § 3 1.3. " – faste installasjonar på land for akvakultur, dersom det av praktiske eller økonomiske årsaker ikkje let seg gjere å etablere installasjonane på flåte i fjorden og om dette ikkje bryt med verneformålet."

Den norske turistforening støtter i det store og heile forslaget til forskrifter, men er i mot utbygging av Støylsvatnet i Grøndalen. Dei oppmodar DN om å gå i mot denne utbygginga og råder til at grunneigaren får erstatning for tap av framtidige kraftinntekter.

Friluftslivets fellesorganisasjon er nøgd med at verneforskrifta ikkje er til hinder for vedlikehald av m. a. eksisterande skilt, bruer, stigar og andre innretningar som er viktig for utøving av friluftsliv, samt drift og vedlikehald av eksisterande turisthytter. FRIFO er også nøgd med at forskrifta opnar for etablering av nye merke stigar med naudsynte bruer og klopper.

Noregs geologiske undersøkelse (NGU) oppmodar om at § 3 pkt 1.1 vert endra i samsvar med dei forslaga NGU har fremma i samband med dei siste høyrings-

sakene knytt til nye verneområde. I alle høve påpeiker NGU at DN må endre teksten slik at den vert i samsvar med det DN sjølv har bruka i dei siste forskriftene knytt til nye nasjonalparkar og verneområde.

Fylkesmannen peiker på at vedlikehald av boltar og nødvendig utstyr til sikring i fjell allereie ligg inne som eit eige punkt i framlegget til verneforskrift (§ 3, punkt 1.2), og dermed kan skje utan vidare. Etter forskriftene kan montering av nytt utstyr skje etter søknad (§ 3, punkt 1.3). Grunngevinga er at slikt sikringsutstyr kan vere så mangt (boltar, tau, stigar o.a.) og at det difor over tid vil vere greitt å ha oversyn over utviklinga.

Høve til vedlikehald av fyrlykter og sjømerke ligg allereie inne i forskriftene § 3. Når det gjeld nyetablering av lykter og merke på land ser vi ikkje behov for å omtale dette spesielt i dispensasjonsreglane, men viser til at slike tiltak fell inn under den generelle dispensasjonsregelen i § 4.

Når det gjeld tilhøvet mellom vassressurslova og naturvernlova, peiker Fylkesmannen på det generelt uheldige i å blande anna lovverk inn i ei forskrift. Det er også vanskeleg å sjå behovet for å informere om reglar knytt til vassdragstiltak inne i eit verneområde der slike tiltak ikkje er tilletne. For å ivareta området ved Støylsvatnet i Grøndalen som ein av dei viktigaste innfallsportane til området, har fylkesmannen i staden for å endre grensene for landskapsvernområdet valt å opne for ei utbygging i tråd med dei planane som er presenterte i forprosjektet og i NVE si vurdering av konsesjonsplikt (datert 21.02.01), dvs. utan magasin, at inntaket i Støylsvatnet ikkje blir synleg, at vassnivået i Støylsvatnet ikkje blir påverka, og at redusert vassføring på grunn av utbygginga berre skal skje vinterstid.

Fylkesmannen presiserer vidare at vernereglane allereie i stor grad er tilpassa noverande og planlagt aktivitet når det gjeld hjortejakt og næringsmessig utnytting av denne jakta. Grunneigarane har ikkje gitt signal om ytterlegare behov ut over det som er spesifisert i forskriftene når det gjeld tilrettelegging for motorisert transport. Hjorteoppdrett krev vanlegvis omfattande inngjerding, og dette er eit teknisk inngrep som vanskeleg kan sameinast med verneføremålet. I enda større grad gjeld dette minikraftverk og småkraftverk. Dei avgrensingane eit vern etter naturvernlova gir, gjeld likevel berre innanfor vernegrensene, og vernet vil dermed ikkje vere til hinder for bygging av kraftverk utanfor verneområdet. Alle dei kraftverka grunneigarane har konkrete planar om, kan såleis byggast sjølv om landskapsvernområdet blir oppretta.

Direktoratet for naturforvaltning registrerer det omtalte behovet hjå Kystverket for etablering av nye fyrlykter og evt andre merke og stakar langs strekninga i Hyefjorden som inngår i verneframlegget. Direktoratet er av den oppfatning at ein bør vere så spesifikk som mogleg for behov som etter alt å dømmе vil kome. DN tilrår difor at flg vert teke inn som nytt punkt i § 3, 1.3: - *etablering av nye fyrlykter og andre merker og stakar i Hyefjorden i regi av Kystverket.*

Når det gjeld behovet for eige punkt knytt til akutte tilfelle, vil dette berre vere aktuelt i *svært sjeldne/ særlege tilfelle* i Hyefjorden. Skulle det oppstå behov for merking knytt til akutte tilfelle, vil det kunne vere mogleg å få rask dispensasjon frå forvaltningsstyremakta etter § 4. I naudsituasjonar vil det vere anna lovverk som gjeld framfor naturvernlova. DN kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ta inn ei eiga formulering for dette i § 3 pkt 1.3 for den aktuelle strekninga.

Når det gjeld "installasjonar på land knytt til akvakultur" og løyve til "- oppsetting av boltar og liknande for forankring av flytande akvakulturanlegg og for bruk under utøving av fiske", har DN sjekka det reelle behovet for desse tiltaka i Hyefjorden med Fiskeridirektoratet, som har gjeve melding om at begge desse punkta kan sjåast vekk frå i det vidare arbeidet med verneforskrifta.

Når det gjeld dei føreslåtte punkta om naudsynt ferdsle på land ved oppankring og tilsyn av akvakulturanlegg og fortøying av båtar til land og ferdsel på land i samband med landfester under utøving av yrkesfiske i sjø, vil ikkje vern vere til hinder for dette. Det vert ikkje lagt opp til restriksjonar i ferdsel, men ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne, jfr § 3 pkt 4.1. Vi ser det difor ikkje som naudsynt å innarbeide dei to føreslåtte punkta.

Når det gjeld innspilet frå NGU, går direktoratet ut frå at ein her tenkjer på tidlegare innspel rundt fjerning av stein, mineralar og fossiler. DN presiserer at det er fjerning av stein, mineralar og fossiler i stor skala og ved hjelp av bryting/hakking ein ynskjer å unngå. Det er derimot tillete å ta med seg geologiske "suvenirar" dersom det ikkje inneber nokon form for fysiske inngrep og /eller endrar karakteren på landskapet. For å tydeleggjere dette betre har DN endra formuleringa i § 3 1.1 til: "Med dei unntaka som følgjer av forskrifta sine punkt 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som (...) bryting av stein, mineralar og fossilar og fjerning av større stein og blokker".

For dei andre emna som kjem fram gjennom høyringane, stiller DN seg bak kommentarane frå fylkesmannen.

Miljøverndepartementet er samd i dei vurderingane som fylkesmann og direktorat har gjeve. Departementet har elles i samråd med DN gjort ein del justeringar av forskrifta i tråd med gjeldande mal, dei seinare vedtekne vernesakene og avtalar mellom MD og andre departement. Det er òg gjort nokre endringar i teksten for å unngå misforståingar, utan at innhaldet i teksten er blitt endra.

Når det gjeld behovet for akutte tiltak knytt til etablering av navigasjonsinfrastruktur, eksempelvis i samband med skipsfartsulykker, legg departementet til grunn at slik infrastruktur må kunne etablerast raskt. I slike tilfelle trengs ikkje søknad til vernestyresmakta før tiltaket, men vernestyresmakta varslast så raskt det er råd om tiltaket. Det leggst også til grunn at slikt akutt behov for tiltak i verneområdene vil inntreffe særskild sjeldan, og at slike tiltak blir utført med minst mogleg negative konsekvensar for verneverdiane.

2. Plantelivet

Holme Grunneigarlag meiner at vern ikkje bør vere til hinder for å hogge ut skytefelt i samband med postering under hjortejakta.

Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Skogeigarlag er i prinsippet samd i at det skal føreligge ei plan for uttak av trevirke og eventuelt for anna næringsverksemd, og at denne skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta, men dei meiner at det er grunneigarar og skogeigar som i hovudsak har føresetnader for å integrere ein slik plan i si samla verksemd. Laga er elles på prinsipielt grunnlag ueinige i at uttak av varmekjære treslag skal vere totalforbode. Historisk har varmekjære lauvtrær vorte brukt til byggemateriale og til bruksgjenstandar, og dei meiner at det i

framtida må vere mogleg at desse treslaga kan inngår i ei samla forvaltningsplan for skogdelen av verneplanen. Dei peiker dessutan på at samfunnet vernar spesielt verneverdig edellauvskog som naturreservat, og dersom nokre av dei varmekjære treslaga er så verdifulle, må desse lovmessig vernast med utgangspunkt i dette.

Fylkesmannen er samd i at det bør vere høve til å hogge ut skytefelt i samband med postering under hjortejakta. Posteringsjakt er vanleg i delar av området, og skjer etter det vi forstår først og fremst i høgareliggande område med bjørkeskog. Når det gjeld skogbruksplan, er fylkesmannen samd i at det er grunneigarar og skogeigarar som i hovudsak har føresetnader for å integrere ein slik plan i si samla verksemd. Det er difor allereie lagt opp til i verneforskriftene at både grunneigar, landbruks-etaten i kommunane, skogeigarforeiningar og andre kan fremje forslag til slik plan. Vi er også einige i at verneforskriftene er noko snevert formulerte når det gjeld edellauvskog. Meininga er å verne samanhengande areal med slik skog, som er eit karakteristisk trekk ved gradienten frå fjord til bre. Hogst av enkelttre inne i annan skog bør det vere opning for, og elles vil det vere mogleg å regulere slikt uttak nærare i ein skogbruksplan. Fylkesmannen føreslår to endringar i temaet planteliv i verneforskriftene § 3 (markert med *understreka, kursiv skrift* under).

- 2.2 Beiting, lauving, slått og rydding av beitemark som har grodd til, er tillate. *Rydding av skytefelt i samband med postering under hjortejakt er også tillate, så lenge ein ikkje fjernar større tre.*
- 2.4 (...) *samanhengande parti med* edellauvskog og areal med fuktskog skal ikkje hoggast.

Direktoratet for naturforvaltning er samd i endringane fylkesmannen har gjort.

Miljøverndepartementet støtter dei to endringane som fylkesmannen foreslår.

3. Dyrelivet

Fiskeridirektoratet ynskjer at flg vert tilføya under § 3 3.1:

"- *Jakt er tillate etter reglane i saltvassfiskeleva*" og "- *Fiske er tillate etter reglane i saltvassfiskeleva*".

Direktoratet for naturforvaltning viser til at forslaget til verneområde ikkje omfattar sjø, jfr grensetrekkinga. DN ser det difor ikkje som naudsynt å vise til saltvassfiskeleva når jakt og fiske etter denne vil gjelde område utanfor verneområdet.

Miljøverndepartementet deler DN si vurdering.

4. Ferdsel

Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) uttaler at området er svært attraktivt for friluftslivsaktivitetar. FRIFO er derfor glad for at høve til å drive friluftsliv er teke inn som ein del av verneføremålet. FRIFO meiner det er viktig at vernet ikkje fører til unødvendige restriksjonar eller hindringar på mindre arrangement eller turverksemd i regi av friviljuge lag og foreiningar, skoler mm.

Direktoratet for naturforvaltning har forslag til nokre mindre endringar i formuleringane i pkt 4.2:

"Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel kan skje etter løyve frå forvaltningsstyresmakta.

Forvaltningsplana skal vise når organisert verksemd krev særskilt løyve".

Miljøverndepartementet meiner det er viktig at det framleis kan drivast friluftsliv her. Ein må likevel være påpasseleg med at aktivitetane ikkje går ut over verneverdiane.

5. Motorferdsel

Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Skogeigarlag meiner at det må opnast for ein fornuftig motorisert ferdsel med utgangspunkt i ny næringsutvikling for til dømes oppdrett av hjort, auka verdiskaping av hjortejakt, utnytting av vasskraftressursar og ei vidareutvikling av beite for husdyr.

Friluftslivets fellesorganisasjon meiner det er viktig å redusere eller avgrense motorferdsel i utmark til eit minimum, og meiner difor at verneforskriftene berre bør opne for motorferdsel som er heilt naudsynt og at det vert gjennomført streng forvaltningspraksis.

Statkraft meiner at dersom det vert vedteke vern i reguleringsområdet Svelgen II, er det sær viktig at energiselskap vert gjeve eit særskilt unnatak frå forbodet mot motorisert ferdsel, då dette vert sett på som heilt naudsynt for drift og vedlikehald av kraftverket. Motorisert ferdsel kan i denne samanhengen omfatte bruk av både helikopter, snøscooter og båt for å ha tilsyn med installasjonar, vassvegar og magasin, samt for å foreta snømåling og anna arbeid i området.

Fylkesmannen vil peike på at motorisert ferdsel i utgangspunktet er uønska i landskapsvernområdet, men at det likevel er opna for ein del former for lett motorisert transport etter innspel frå grunneigarar. Av dei fire døma på ny næringsutvikling som bondelaget og skogeigarlaget nemner, kan hjorteoppdrett og utnytting av vasskraftressursar etter fylkesmannen sitt syn ikkje sameinast med føremålsparagrafen til eit landskapsvernområde, og motorisert transport i samband med slik aktivitet vil dermed heller ikkje vere aktuelt.

Direktoratet for naturforvaltning viser til momenta som vert fremma av Statkraft, og presiserer i likskap med fylkesmannen at motorferdsel i utgangspunktet er forbode innanfor verna område og av den grunn vil kome i konflikt med landskapsvern. Det ligg berre ein vasskraftinstallasjon innanfor verneområdet; eit bekkeinntak under sørlege del av Gjegnalundsreen (nord for Skordalen). Her er DN innstilt på å gje opning i forskrifta for bruk av luftfartøy i samband med vedlikehald. Dette kan berre skje etter løyve frå forvaltningsstyresmakta (§ 3 pkt 5.3).

Det er elles gjeve opning for overflyging i samband med kontroll og vedlikehald av tekniske installasjonar utanfor verneområdet (§ 3 pkt 5.2). Utover dette skulle det ikkje vere naudsynt å nytte korkje båt med motor, snøscooter eller lette motor-kjøretøy til slike føremål.

Under pkt. 5.3 har DN lagt til at det er *naudsynt* bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy det kan gjevast løyve til.

For å gje høve til helikoptertransport til vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam, er det gjort følgjande tilføyning under pkt. 5.3: - *transport av*

material og personell i samband med vedlikehald av tekniske installasjonar i verneområdet.

Miljøverndepartementet meiner det er naturleg at forskrifta opnar for nødvendig motorferdsel i samband med vedlikehald av tekniske installasjonar. Ut over dette må målsettinga vere å avgrense motorferdsel i størst mogleg grad. Departementet har fjerna eit punkt om overflyging i samband med kontroll og vedlikehald av tekniske installasjonar utanfor verneområdet i pkt 5.2. Dette på grunn av at overflyging ikkje er forbode i pkt 5.1, og dermed treng ein ikkje noko unntak her. Med ordlyden ”lett motorkjøretøy” i pkt 5.3 meines her kjøretøy (f.eks. ATV) som nyttas i samband med utfrakting av felt vilt.

Motorferdsel i samband med *transport av material til vedlikehald og byggearbeid på hytter* (pkt 5.3) referer seg til aktivitetar nemnt i pkt 1.2 og 1.3 i § 3.

Siste strekpunkt i pkt 5.3 er endra frå ”transport av material og personell i samband med vedlikehald av tekniske installasjonar i verneområdet” til *transport av material og personell i samband med vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam i verneområdet.*

§ 6 Forvaltingsstyresmakt

Flora kommune meiner at dersom dei ressursmessige føresetnadene er til stades, vil kommunen ha naudsynt kompetanse til å ta på seg forvaltningsmynda. Dette legg til grunn ein heilt klar politisk vilje til å ta på seg eit slikt ansvar.

Sogn og Fjordane Turlag peiker på at ettersom verneområdet ligg i tre kommunar som kanskje kan ha litt ulike syn på korleis verneområdet skal forvaltast, er det ønskjeleg at forvaltningsansvaret vert lagt til fylkesmannen i samarbeid med SNO.

Fylkesmannen peiker på at DN er delegert mynde frå Miljøverndepartementet til å fastsetje kven som skal vere forvaltingsstyresmakt. Kommunane kan bli forvaltingsstyresmakt dersom alle dei involverte kommunane er interesserte i dette, og dei har naudsynt kapasitet og kompetanse. Gloppen og Bremanger kommunar nemner ikkje denne problemstillinga i sine høyringsuttalar.

Direktoratet for naturforvaltning minner om at det framleis er mogleg for kommunane å søkje om å verte forvaltningsstyresmakt, sjølv om berre ein av kommunane har vist interesse for å ta på seg forvaltningsmynde.

Miljøverndepartementet ser det som ein fordel at dei kommunane som har kompetanse og interesse for det, får forvaltningsansvaret. Departementet ønskjer likevel at fylkesmannen ser til at forvaltninga går føre seg innan dei rammene som verneforskrifta set.

15. Oppsyn

Sogn og Fjordane Turlag støttar idéen om ei oppsynsstilling for Naustdal/Gjengedal som også kan dekke Ålfotbreen landskapsvernområde.

Direktoratet for naturforvaltning viser til at Statens naturoppsyn (SNO) har eit særleg ansvar for nasjonale verneverdiar og oppsynsoppgåver av statleg karakter,

og det statlege naturoppsynet skal i første rekkje ha slike oppgåver som er skildra i Lov om statleg naturoppsyn; - førebygging av miljøkriminalitet, kontroll, rettleiing og informasjon, og å drive med praktiske oppgåver som skjøtsel, registreringar, dokumentasjon o.a.

Aktiviteten i Ålfotbreområdet er mest knytt til friluftsliv, jakt og fiske. I tillegg er det noko landbruks- og utmarksaktivitet som beiting, hjortejaktutleige o.a. Området har i dag mest lokal og regional bruk, men har i periodar eit auka besøk knytt til friluftsliv og reiseliv. Det er venta auka bruk av området framover, og det bør difor leggest opp til ei betre oppfølging gjennom vegleiing og informasjon, og kontroll med at bruken skjer iht verneforskrifta. Det vil også vere behov for skjøtsel i delar av området, både i statleg regi og i samarbeid med grunneigarar o.a.

Hovudoppgåvene for eit framtidig oppsyn i Ålfotbreen landskapsvernområde er som følgjer:

- Halde oversikt over utviklingstendensar i bruk av området.
- Halde oppsyn/oversikt med status over natur- og kulturverdiane, med spesiell vekt på sårbare og trua artar.
- Informasjon og rettleiing til brukarar/besøkjande, og samarbeid med m.a. grunneigarar.
- Kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskrifta og anna lov-/regelverk.
- Føre tilsyn og utføre skjøtsel, tilrettelegging og vedlikehald i området.

Ålfotbreen landskapsvernområde vurderast ut frå særprega naturkvalitetar og omfang som eit verneområde med oppsynsoppgåver av nasjonal karakter. SNO har ingen stillingar frå før i dette området, men har ei kyststilling i Florø og ei stilling i Sogndal knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vil ikkje kunne påreknast at desse i særleg grad kan ta på seg oppgåver i Ålfotbreen.

DN har tidlegare foreslått at det vert oppretta ei ny SNO-stilling og vert løyvd noko ressursar til tenestekjøp i Naustdal Gjengedal landskapsvernområde, og er einige med fylkesmannen i at behovet for statleg naturoppsyn blir vurdert løyst i samanheng med behovet for naturoppsyn i Naustdal-Gjengedal. DN legg til grunn at det må vere ein monaleg statleg innsats i desse nasjonalt viktige områda. Samtidig vil samarbeid med lokale oppsynsaktørar vere viktig for å sikre gode samarbeidsrelasjonar og lokal forankring.

DN meiner det blir viktig å få eit samla grep om statleg naturoppsyn i dei nye store verneområda i distriktet, og støtter fylkesmannen si vurdering at oppsynsbehovet i dei to nye landskapsvernområda kan løysast gjennom oppretting av ei ny SNO-stilling og noko ressursar til tenestekjøp frå lokalt oppsyn. Dette vil i både regionalt og tematisk perspektiv og i ein breiare oppsynssamanheng også gi rom for ein fleksibel utnytting av oppsynsressursane i heile dette distriktet.

Lokalisering av den nye stillinga bør vurderast av SNO, i samarbeid med fylkesmannen og kommunane, ut frå ein heilskapleg vurdering av muligheitene for å oppnå eit mest mogeleg effektivt og funksjonelt statleg naturoppsyn i området.

Miljøverndepartementet støttar DN sine vurderingar. Midlar til oppsyn tildeles innanfor dei til ein kvar tid gjeldande budsjettrammer.

Miljøverndepartementet

tilråd

Forskrift om Ålfotbreen landskapsvernområde i Bremanger, Flora og Gloppen kommunar i Sogn og Fjordane fylke fastsettes i samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1)